



# Meland kommune

## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 10.02.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00 - 21:00

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 02.02.16 og møtet var kunngjort i pressa 22.01.16.

Ved opprop var 26 medlemmer til stades, møtande varefolk medrekna.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 01 – 14.

Berit Ohnstad var kalla inn som vara i sak 11 og 12 dersom Anne Grete Eide vart erklært inhabil.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 18:15 - 18:25 og frå kl. 20:00 - 20:10.

Kommunestyret haddde pause frå kl. 18:55 - 19:00.

| Møtedeltakarar          | Parti | Rolle        |
|-------------------------|-------|--------------|
| Øyvind Oddekalv         | AP    | Ordførar     |
| Nils Marton Aadland     | H     | Varaordførar |
| Anne Grete Eide         | AP    | Medlem       |
| Erling Rønnestad        | KRF   | Medlem       |
| Kjersti Vikebø Nesse    | AP    | Medlem       |
| Asbjørn Larsen          | AP    | Medlem       |
| Tom Inge Karlsen        | AP    | Medlem       |
| Åse Nina Sudmann        | AP    | Medlem       |
| Øystein Berland Blom    | H     | Medlem       |
| Mabel Johansen          | H     | Medlem       |
| Thomas H. Wallem        | H     | Medlem       |
| Fredrik Seliussen       | H     | Medlem       |
| Sigmund Larsen          | FrP   | Medlem       |
| Øyvind Bratshaug        | FrP   | Medlem       |
| Henriette Fennelly      | FrP   | Medlem       |
| Sølvi Norunn Knudsen    | SP    | Medlem       |
| Per Kristian Holmetun   | SP    | Medlem       |
| Rune Lekven Skår        | SP    | Medlem       |
| Marit Samnøy Jøssang    | KRF   | Medlem       |
| Stian Lavik             | KRF   | Medlem       |
| Silje Ingelin Sæterstøl | V     | Medlem       |

|                        |     |            |
|------------------------|-----|------------|
| Beate Seveline Eknes   | V   | Medlem     |
| Karina Garnes Reigstad | MDG | Medlem     |
| Leif Johnsen           | MDG | Medlem     |
| Are Nygård             | AP  | Varamedlem |
| Tore Eugen Hansen      | BF  | Varamedlem |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Parti</b> |
|--|--------------|
| Morten Klementsens                       | BF           |
| Tormod Skurtveit                         | AP           |
| Ørjan Evald Kristiansen                  | FrP          |

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam og økonomisjef Per Inge Olsen.

---

Protokollfører: Randi Hilland

12. februar 2016

Øyvind Oddekalv  
Ordfører

Randi Hilland  
konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

| Saknr   | Tittel  |
|---------|---|
| 01/2016 | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| 02/2016 | Godkjenning av møtebok  |
| 03/2016 | Referatsaker  |
| 04/2016 | Orientering om status kommunestruktur   |
| 05/2016 | Nordhordland kommune - Intensjonsavtale for ny kommune                                  |
| 06/2016 | Kommunestruktur - folkerøysting   |
| 07/2016 | Forslag til nytt inntektssystem - høyringsvar frå Meland kommune                        |
| 08/2016 | Digital feilmelding   |
| 09/2016 | Oppnemning av kommunal representant i kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug           |
| 10/2016 | Regulering av satsane for festeavgift på kyrkjegarden                                   |
| 11/2016 | Søknad om forlenging av disposisjonsrett av bana ved Vestbygd skule                     |
| 12/2016 | Justering av handlingsdel med bakgrunn i bygging av ny kunstgrasbane ved Vestbygd skule |
| 13/2016 | Mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne                                   |
| 14/2016 | Høyring - Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland                |

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Randi Helene Hilland | FE - 033     | 15/3253           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 01/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

#### Kommunestyret - 01/2016

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Randi Helene Hilland | FE - 033     | 15/3253           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 02/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Godkjenning av møtebok frå møte 16.12.15

### Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 16.12.15 vert godkjent."

### Kommunestyret - 02/2016

### KS - behandling:

### KS - vedtak:

"Møtebok frå møte 16.12.15 vert godkjent."

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Randi Helene Hilland | FE - 033     | 15/3253           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 03/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Referatsaker

### Underliggende saker:

| Saksnummer | Tittel   |
|------------|--|
| 03/2016.1  | Oppsummering frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 14.12.15 |
| 03/2016.2  | Oppsummering frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 13.01.16 |
| 03/2016.3  | Oppsummering frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 20.01.16 |
| 03/2016.4  | Oppsummering frå møte i Forhandlingsutvalet for kommunestruktur 26.01.16 |
| 03/2016.5  | Referat fra møte i Bergensalliansen 22.01.16                             |
| 03/2016.6  | Nordhordland kemnerkontor - Årsrapport 2015                              |
| 03/2016.7  | Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015 – 2030      |
| 03/2016.8  | Uttale som gjeld innstillinga til ny struktur for tannklinikkar          |
| 03/2016.9  | Referat drøftingsmøte om intensjonsavtale ny kommune, 05.02.2016         |

### Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

### Kommunestyret - 03/2016

**KS - behandling:**

Følgjande skriv vart delte ut i møtet:

Referat frå drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane om intensjonsavtale ny kommune, 05.02.16.

Skriv frå Regionrådet: Ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland 2015-2030, dat. 05.02.16.

Skriv frå ordførar: Uttale som gjeld innstillinga til ny struktur for tannklinikkar, dat. 08.02.16.

Are Nygård stilte spørsmål om skriv 6.

Rådmann svarte på spørsmålet.

**KS - vedtak:**

"Meldingane og orienteringa vert tekne til orientering."

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Ingvild Hjelmtveit   | FE - 033     | 15/3253           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 04/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Orientering om status kommunestruktur

### Kommunestyret - 04/2016

#### **KS - behandling:**

Orientering om status kommunestruktur vert teke opp under handsaming av sak 05.

#### **KS - vedtak:**



# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Ingvild Hjelmtveit   | FE - 002     | 16/235            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 05/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Nordhordland kommune - Intensjonsavtale for ny kommune

### Vedlegg:

Underteikna intensjonsavtale for ny kommune  
Medvirkning og innbyggjardialog

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å endra kommunestrukturane. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2013.

Kommunestyret i Meland vedtok i sak 77/2014 følgjande:

«Meland kommune går i relle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/andre kommunar i regionen som er interesserte i dette. Rådmennene i dei kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet. Malen for intensjonsavtale og framdriftsplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort av kommunestyret våren 2016.

For å sikre at alle folkevalde er orienterte om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur, så ber kommunestyret rådmannen om løypemelding i kvart formannskapsmøte og kommunestyremøte.»

Vidare vart det i sak 47/2015 gjort slikt vedtak:

«1. Meland kommune held fram forhandlingane med Lindås og Radøy kommunar. Det blir presisert at kommunar i Nordhordland som ynskjer å slutte seg til desse forhandlingane er velkomne til dette. Dette bør i så fall skje innan 01.01.2016. Det som er framforhandla mellom dei tre kommunane ligg til grunn for det vidare arbeidet dersom fleire kommunar sluttar seg til desse forhandlingane.  
2. Konsekvensen av å fortsetja som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endeleg stilling til ny kommunestruktur.»

Fram til sommaren 2015 deltok Meland kommune i tre ulike utgreiingar/samanslåingsprosjekt. Det eine omfatta Meland, Radøy og Lindås og det andre omfatta opphaveleg i tillegg Modalen, Masfjorden, Gulen, Solund og Fedje. Det tredje var ei utgreiing saman med Bergen kommune.

Fleire av kommunane har og delteke i andre utgreiingar. Meland og Radøy har gjennom vedtak i kommunestyret trekt seg frå Nordhordlandsalternativet.

Lindås, Meland og Radøy utarbeidde våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune. Utgreiinga er fylgt opp etter valet hausten 2015 og den endelege intensjonsavtalen er eit resultat av denne prosessen.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får vel 28 000 innbyggjarar og vil dekke eit areal på 679 km<sup>2</sup>. Dette inneber at Nordhordland kommune er den nest største kommunen i Hordaland og blant landets 40 største kommunar.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein medverknadsprosess. Kvant kommunestyre avgjer sjølv korleis dette skal skje.

Denne saka omhandlar berre intensjonsavtalen for alternativet med Lindås, Radøy og Meland. Ein intensjonsavtale for eit evt. «Nordhordlandsalternativ» vil bli lagt fram for kommunestyret på eit seinare tidspunkt, og handsama etter prinsippa for innbyggjarhøyring i denne saka.

I høve innbyggjarhøyring dekker denne saka då alle alternativ.

Innbyggjarhøyring vert omtala i § 10 i inndelingslova:

«Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.»

I Rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) H – 8/ 14 står det følgjande:

#### **«3.4.1 Høyring**

Inndelingsaker er gjerne omstridde spørsmål, som bør klarleggjast best mogleg. Ein bør derfor leggje vekt på omsynet til brei medverknad. Inndelingslova § 10 er utforma som ein "bør"-regel.

Etter ordlyden gjeld føresegna om innbyggjarhøyring berre for "forslag til grenseendring" og ikkje for sakene om grensefastsetjing. Fastsetjingssakene går ut på å finne grensa der den etter alt å dømme går, mens saker om grenseendring handlar å avgjere kvar grensa bør gå. Innbyggjarane si meining vil sjeldan vere eit sentralt moment i fastsetjingssaker og innbyggjarhøyring er då ikkje ein like aktuell framgangsmåte.

Inndelingslova § 10 fastset at kommunestyret i dei kommunane som er omfatta av eit framlegg om grenseendring, som utgangspunkt skal hente inn synspunkt frå innbyggjarane i kommunen. Det vil vere opp til kommunen å vurdere om det er nødvendig å innhente innbyggjarane sine synspunkt på den aktuelle saka. Kommunen vil ikkje ha plikt til å grunngi kvifor høyring av innbyggjarane ikkje blir satt i verk.

#### **3.4.2 Kven skal høyrast**

Inndelingslova § 10 er etter ordlyden avgrensa til innbyggjarar i "det aktuelle området". Ei sak som geografisk berre vedkjem ein liten del av kommunen, kan få ringverknader langt utanfor området saka direkte gjeld. Kommunestyret avgjer sjølv kven som i tilfelle skal omfattast av høyringa.

I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) skriv departementet:

*"I denne vurderinga bør kommunane likevel tenke nøye igjennom dei ulike alternativa, sett opp mot art og omfang av saka. Ei grenseendringssak gjeld alltid fleire enn ein kommune, og det kan såleis bli aktuelt for fleire kommunar å halde høyring. Alle dei som er involverte bør da ta stilling til om det skal*

*haldast høyring, og på kva måte dette skal skje. Kommunane står fritt til å velje høyringsmetode, noko som kan føre til at det blir halde ulike former for høyring i same sak. Dette kan vere lite heldig, og kommunane bør derfor samarbeide om gjennomføringa av høyringa.”*

Fylkeskommunane er ikkje omfatta av regelen om innbyggjarhøyring. I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) s. 37 påpeiker departementet at fylkeskommunane står fritt til å sjølv å høyre kva innbyggjarane meiner i ei konkret sak, dersom dei finn dette formålstenleg. Slik høyring bør i tilfelle finne stad i samråd med aktuelle kommunar.

### **3.4.3 Høyringsfrist**

Inndelingslova § 10 har ikkje ein eksplisitt høyringsfrist for innbyggjarhøyring. Departementet legg til grunn at kommunestyret legg opp til ein frist slik at innbyggjarane får ein reell moglegheit til å få uttale seg om saken.

### **3.4.4 Val av høyringsmetode**

Den einskilde kommune står sjølv fritt til å avgjere kva form høyringa skal ha ut frå sakstype og lokale forhold elles. Opprekninga av høyringsmåtar er etter ordlyden ikkje uttømmende, og ”annan måte” kan til dømes vere underskriftslistar og anna.

Ei høyring er normalt ikkje noko mål i seg sjølv. Meininga er å bringe fram opplysningar om saka som ikkje er kjende på førehand. Som døme på tilfelle der ei innbyggjarhøyring vil vere nødvendig vil vere der grenseendringa gjeld eit lite område der det ikkje bur menneske, eller at kommunen allereie med sikker kunnskap veit kva befolkninga meiner om saka.

Dersom det aktuelle området kryssar kommune- eller fylkesgrensene, kan det bli aktuelt for fleire kommunar å halde høyring. I så fall er det ein fordel om prosessane blir samordna. Kommunen er ikkje bunden av resultatet av høyringa, når den skal gje fråsegn om saka. Det er i siste instans opp til avgjerdsinstansen å avgjere kva vekt den vil leggje på resultatet.»

#### **Dette gjev følgjande utgangspunkt:**

- Kommunen pliktar ikkje å høyre innbyggjarane.
- Høyringa er avgrensa til innbyggjarar i ”det aktuelle området”.
- Det er ikkje gjeven ein eksakt høyringsfrist. Fristen må likevel vere slik at høyringa er reell.
- Kommunen avgjerd sjølv kva form høyringa skal ha.

I notat 35/2014 frå Telemarksforsking er det i kapittel 2 gitt råd om «Medvirkning og innbyggjerdialog». Notatet har tittelen: «Hvordan gjennomføre en kommunesammenslåing. Erfaringer og innspill fra frivillige sammenslåinger». Forfattar er Bent Aslak Brandtzæg. Notatet er vedlagt saka.

Konklusjonen i kapittel 2 er:

«Gjennomgangen tyder på andre høringsformer enn folkeavstemming kan være bedre egnet for å fange opp innbyggernes synspunkter, involvere innbyggerne, skape dialog og for å fremme en felles virkelighetsoppfatning. Erfaringene fra gjennomførte sammenslåingsprosesser viser at det er behov for å finne fram til gode modeller for å fremme bedre medvirkning, dialog og debatt i forbindelse med en sammenslåingsprosess. Dersom man velger folkeavstemming som høringsmetode, vil det, dersom man skal skape en god dialog og forståelse av utfordringsbildet og de muligheter og utfordringer som ligger i ny kommunestruktur, være nødvendig med bruk av andre høringsmetoder i en tidlig fase av prosessen. Scenarieprosesser kan være nyttige for å tydeliggjøre ulike utfordringer og fremtidsbilder som følge av ulike kommunestrukturalternativer.»

**Oppsummering i tabellform:**

| Høringsmåtar   | Repre-<br>sentativitet | Kunnskap og<br>innsikt om<br>konsekvensar | Betyding<br>for<br>dialog | Innbyggjarane<br>sin<br>moglegheit<br>til å fremme<br>sine<br>synspunkt | Politikarane<br>sin<br>moglegheit<br>til å ta ein<br>sjølvstendig<br>avgjerd |
|--|------------------------|---|---------------------------|---|--|
| Rådgivande<br>folkeavstemming                                  | 4                      | 1   | 1                         | 1   | 1  |
| Opinionsundersøking<br>ved telefonintervju                     | 5                      | 1   | 2                         | 2   | 3  |
| Opinionsundersøking<br>ved postale eller<br>nettbaserte skjema | 4                      | 1   | 2                         | 3   | 3  |
| Utvida<br>folkehøyringar                                       | 3                      | 3   | 4                         | 4   | 4  |
| Fokusgrupper   | 2                      | 4   | 5                         | 5   | 4  |
| Høring   | 2                      | 2   | 2                         | 3   | 4  |

**Vurdering**

Korleis eit kommunestyre ønskjer å høyre sine innbyggjarar er ikkje berre eit fagleg spørsmål. Dei ulike politiske partia har ulikt ideologisk syn på gjennomføring av demokratiske prosessar. Saka vert derfor lagt fram utan ei formell tilråding frå rådmann, men med ei anbefaling og eit forslag til form på eit endeleg vedtak.

Det er allereie gjennomført ein opinionsundersøking, og rådgjevande folkerøysting skårar lågt på alle kriterier utanom «representativitet».

Intensjonsavtalen bør leggjast ut på høyring fram til 10. april. Det bør haldast folkemøte i høyringsperioden.

Fellesnemnda som vert sett ned etter endeleg vedtak bør vurdere å nytte fokusgrupper i arbeidet med endeleg utforming av den nye kommunen.

Om dette vert lagt til grunn kan eit vedtak lyde:

1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015 ut på høyring. Høygperioden vert sett frå 11. februar til 10. april.
2. Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte på Rosslund, Vestbygd, Frekhaug og Grasdalen. Administrasjonen får fullmakt til å planeleggje den praktiske gjennomføringa av desse.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

## Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

«1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2016 ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 11. februar til 10. april.

2. Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte på Rossland, Vestbygd, Frekhaug og Grasdalen. Administrasjonen får fullmakt til å planeleggje den praktiske gjennomføringa av desse.»

### Kommunestyret - 05/2016

#### KS - behandling:

#### Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

"1. Kommunestyret tek «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2016 til orientering.

2. Kommunestyret ber samtidig administrasjonen følge opp punkt 2 i kommunestyrevedtak 47/2015; "Konsekvensen av å fortsetja som eigen kommune må synleggjerast før ein tek endeleg stilling til ny kommunestruktur"

3. Etter at punkt 2 er ferdig utgreitt blir intensjonsavtalen og rapport fra punkt 2 samtidig lagt ut på høyring, Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte på Rossland, Vestbygd, Frekhaug og Grasdalen. Administrasjonen får fullmakt til å planeleggje den praktiske gjennomføringa av desse."

#### Framlegg til tilleggspunkt 3 frå AP, V, FrP, H v/Nils Marton Aadland:

"Konsekvensen av å halde fram som eigen kommune vert utarbeidd i god tid før folkemøta."

#### Framlegg til endring i pkt. 2 i rådmannen sitt framlegg til vdtak frå Øyvind Bratshaug, FrP:

"Folkemøte også på Rossland, Vestbygd, Frekhaug, Grasdalen og Husebø."

#### Avrøysting:

Framlegget frå Per Kristian Holmetun fekk 6 røyster for, (3 SP, 2 MDG, 1 BF), 20 røyster mot, (AP, H, FrP, KrF, V), og fall.

Pkt. 1 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegg til endring i pkt 2 frå Øyvind Bratshaug fekk 8 røyster for, (2 SP, 3 FrP, 2 MGD, 1 BF), 18 røyster mot, og fall.

Pkt 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 18 røyster for, (7 AP, 5 H, 1 SP, 3 KrF, 2 V), 8 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til tilleggspunkt frå AP, V, FrP, H v/Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

"1. Kommunestyret legg «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2016 ut på høyring.

Høyringsperioden vert sett frå 11. februar til 10. april.

2. Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte på Rosslund, Vestbygd, Frekhaug og Grasdalen. Administrasjonen får fullmakt til å planeleggje den praktiske gjennomføringa av desse.

3. Konsekvensen av å halde fram som eigen kommune vert utarbeidd i god tid før folkemøta."

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Ingvild Hjelmtveit   | FE - 002     | 16/206            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 06/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Kommunestruktur - folkerøysting

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyra i Meland, Lindås og Radøy vedtok i 2015 at det skulle utarbeidast ein intensjonsplan som grunnlag for å slå sammen kommunane. Kommunestyret i Meland vedtok våren 2015 at det skal haldast folkeavrøysting i spørsmålet om kommunesamanslåing.

Fylkesmannen i Hordaland har laga eit notat om rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma. Konklusjonen i notatet er:

«Kommunane er ansvarleg for gjennomføringa av ei lokal folkerøysting, og står i prinsippet fritt til å organisere korleis den skal gjennomførast. Det kan likevel vere naturleg å bygge på prinsippa for kommuneval i vallova for å sikre ei forsvarleg gjennomføring.»

Kommunestyret må sjølv gjera vedtak om å leggje ei sak ut til rådgjevande folkerøysting. Det har dei i prinsippet gjort, i samband med vedtak av intensjonsavtale. Det er likevel avtalt å sende sak til kommunestyra når avtalen er ferdigforhandla.

Det er berre høve til å halde rådgjevande folkerøystingar, og resultatet vil ikkje vera bindande for representantane i kommunestyra sine stemmegjevingar.

Det store rommet for lokal utforming av folkerøystingar gjer at mange moment ved gjennomføringa må vedtakast lokalt. Desse prinsippa bør òg bli vedteke av kommunestyret sjølv.

Lovgrunnlaget for å halde lokale folkeavrøystingar er Kommunelova § 39b, som lyder:

*1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at det skal avholdes rådgivende lokale folkeavstemninger.*

*2. Kommunene og fylkeskommunene plikter å rapportere de opplysninger som departementet finner er nødvendig for å offentliggjøre informasjon om lokale folkeavstemninger.*

Ut over dette er lokale folkeavrøystingar ikkje nemnt i andre lover. Det er heller ikkje omtala, heller ikkje i vallova som regulerer korleis val til Storting og kommunestyre/fylkesting skal gjennomførast og kven som skal få stemme. I prinsippet står difor kommunen fritt til å bestemme både gjennomføring og manntal sjølv.

Samstundes har Norge tiltrådd internasjonale avtalar som mellom anna Europarådet sin «Code of good practice for referendum» som gir nokså klare rammer når det gjeld tilhøve som at val skal vere hemmelige, at det skal vere allmenn stemmerett, at prosessane rundt valet skal vere slik at ein har tillit til resultatet mv. Det kan difor vere praktisk å ta utgangspunkt i eksisterande vallovgeving når vedtaka knytt til gjennomføring av folkeavrøystinga skal fattast.

Dersom vi legg til grunn reglane i vallova skal/bør fylgjande spørsmål avgjerast av kommunestyret:

- At det skal vere folkeavrøysting
- Kva spørsmål det skal røystast over
- Valdag/valdagar
- Valstyre
- Røysterett
- Førehandsrøysting
- Brevrøysting
- Gyldig val

Fylgjande spørsmål kan kommunestyret velje å delegere

- Manntal
- Røystesetlar
- Stemmegjeving på valdagen
- Prøving av stemmegjeving og røystesetlar, oppteljing, protokollering mv.
- Klage

## **Vurdering**

### **Folkeavrøysting og spørsmålet det skal stemmast over.**

Kommunestyret har allerede vedteke folkeavrøysting. Spørsmålet vert difor kva det skal røystast over. Intensjonsavtalen som no er lagt fram er mellom Meland, Lindås og Radøy. Vi har likevel gjort vedtak om at dersom andre kommunar ynskjer å slutte seg til er dei velkomne. Etter Norhordlandstinget som vart arrangert torsdag 28.01.2016 er det klart at andre kommunar vil vurdere å slutte seg til den avtalen som no ligg føre mellom Meland, Lindås og Radøy.

Spørsmålet vert difor om vi skal ha eit ope alternativ t.d. Meland slår seg saman med andre kommunar, eller avgrense det til at Meland slår seg saman med Lindås og Radøy. Kor mange kommunar som reelt er interesserte å tiltre avtalen vil bli avklart i løpet av våren. Vi kan difor avvente til vi ser den endelege intensjonsavtalen før vi tek endeleg avgjerd om kva alternativ det skal røystast over. Alternativet Meland held fram som eigen kommune vil unasett vere eit alternativ. Ved å røyste nei til samanslåing røystar ein i realiteten for å halde fram som eigen kommune.

Rådmann meiner det er viktig å ha ein tekst på røystesetlane som gir fleksibilitet, og som ikkje stoppar ein samanslåingsprosess, om det er det innbyggjarane vil.



## **Valdag**

Andre kommunar i Hordaland som skal ha folkeavrøysting i spørsmålet om kommunestruktur skal gjennomføre dette 25. april. Vi har vurdert det slik at vi bør vente til intensjonsavtalen har vore på høyring og vi har gjennomført folkemøte. Intensjonsavtalen er planlagt sendte på høyring etter vedtak i kommunestyret 10. februar. Det må setjast ein frist for høyringsuttalar til intensjonsavtalen. Desse bør handsamast og eventuelle justeringar i avtalen må gjerast før folkeavrøystinga. Folkemøta er planlagt i veke 10, 7. til 10. mars.

Frist for høyring bør setjast til over påske. Kommunestyret må vedta endeleg intensjonsavtale. Mest truleg må vi ha eit ekstraordinært kommunestyre 27. april grunna denne saka. Av praktiske grunnar må vi difor å vente til mai med å gjennomføre folkeavrøystinga.

Aktuell dato kan vere måndag 23. mai 2016. Vi rekk då endeleg handsaming i kommunestyret 15. juni.

## **Valstyre**

Etter vallova skal det vere eit valstyre i kvar kommune som skal stå for den praktiske gjennomføringa av val til storting, fylkesting og kommunestyre. Rådmann gjer framlegg om at det ordinære valstyret får ansvar for å gjennomføre folkeavrøystinga.

## **Røysterett**

Vallova operer med to sett kriterier for å ha røysterett som gjeld for høvesvis stortingsval og val til fylkesting/kommunestyre. Ved stortingsval har norske statsborgarar som vil ha fylt 18 år innan utgang av valåret, ikkje har mist røysteretten etter Grunnlova § 53 og som er, eller har vore folkeregisterført som busett i Norge røysterett.

Ved val til kommunestyre og fylkesting har i tillegg personar som ikkje er norske statsborgarar, men som elles oppfyller vilkåra røysterett dersom dei har stått oppført i folkeregisteret som busett i Norge i dei siste tre åra før valdagen, eller er statsborgarar av eit anna nordisk land og er blitt folkeregisterført busett i Norge seinast 30. juni i valåret. For å kunne nytte røysteretten må veljaren vere oppført i manntalet.

Vi er ikkje bunde til vallova sine reglar som røysterettsalder. Det er gode grunnar for at vi i eit spørsmål om kommunestruktur bør la dei unge får høve til å uttale seg. Rådmann gjer difor framlegg om at vi avgrensar nedover til dei som er født i år 2000 for å få med ungdom.

Rådmann gjer framlegg om at vi legg kriteria for røysterett til kommunestyret/fylkestinget (§ 2-2 i vallova) til grunn for kven som skal ha røysterett ved folkeavrøystinga.

I tillegg skal alle personar som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) og som elles fyller vilkåra kunne stemme.

## **Manntal**

Det er skatteetaten som har ansvar for folkeregister i Noreg og som har dei opplysningane vi treng for å kunne lage manntal (oversyn over presonar som har røysterett pr. ein gitt dato). Ved ordinære val er det departementet som hentar inn naudsynte opplysningar til manntal frå folkeregisteret og legg dei inn i det sentrale elektroniske valsystemet (EVA) som alle kommunar har tilgang til. Ved ordinære val nyttar kommunen EVA til å produsere og sende ut valkort, og i samband med førehandsrøysting samt oppteljing og rapportering etter valdagen.

Vi kan ikkje bruke EVA under folkerøystinga då programmet ikkje har funksjonalitet for dette. Dette gjer sjølv avviklinga av folkeavrøystinga noko meir komplisert og tidkrevjande, det gjeld særleg dette med valkort.

Vi kan bestille manntal direkte frå Skattedirektoratet. Dette er uproblematisk og tilfredstiller vallova sine reglar når det gjeld utlegging av manntal til offentlig ettersyn (§2-6). Vi må kome attende til korleis vi skal produsere og sende ut valkort. Rådmann gjer framlegg om at kommunestyret delegerer til valstyret å ta avgjersler kring spørsmål om valkort og manntal. Manntalet kan ikkje leggjast ut til offentlig gjennomsyn på internett grunna reglane i folkeregisterlova § 13.

Krav om retting, innføring av personar med røysterett som bur i utlandet og melding om endringar i manntalet skal skje i tråd med vallova §§ 2-7 og 2-8.

## **Røystesetlar**

Røystesetlane ved folkeavrøystinga kan utformast på to måtar:

- a. Ein røystesetel der det kan kryssast av for anten Ja eller Nei (let ein vere å setje kryss tel det som blank stemme)
- b. Ein røystesetel med Ja, ein med Nei og ein blank.

Føremonane med alternativ a) er at vi treng færre røystesetlar (ein pr. innbyggjar med røysterett i staden for ein av kvar). Dette vil vere både rimelegare og meir praktisk, særleg i samband med ambulerande røystegjeving og førehandsrøysting. Ulempa er at det kan oppstå tvil om kva alternativ det er kryssa av for, og at det difor kan bli vanskelegare når ein skal teile opp røystesetlane.

Kva alternativ vi vel vil vere litt avhengig av om vi trur det er mange som ynskjer å førehandsrøyste, eller avgi røyst utanfor det ordinære vallokalet. Av omsyn til økonomi og den praktiske gjennomføringa vil rådmann tilrå alternativ a). Den endelige utforminga av røystesetlar vert delegert til valstyret og må sjåast i samanheng med prosedyre for førehandsrøysting.

## **Førehandsrøysting**

Kapittel 8 i vallova gir detaljerte reglar for førehandsrøysting ved ordinære val. Dette omfattar perioden for førehandsrøysting, kven som kan motta førehandsrøyster, på kva stader det kan mottakast førehandsrøyster og framgangsmåten ved stemmegjevinga. Vi ser det som mest praktisk at desse reglane vert langt til grunn så langt det er relevant.

Den viktigaste skilnaden mellom førehandsstemmegjeving ved ordinære val og den vedtekne folkeavrøystinga er at vi ved ordinære val har ein lovbestemt periode for førehandsrøysting og at det er vallokale tilgjengeleg over heile landet.

For folkeavrøystinga må kommunestyret bestemme om det også skal vere høve til å røyste på førehand, og når førehandsrøystinga skal starte. Det vil heller ikkje vere praktisk mogeleg å ha røystelokale utanfor kommunen så lenge det berre er Meland kommune her i regionen som skal ha folkeavrøysting i dette spørsmålet.

Det er altså opp til kommunestyre å avgjere om det skal vere høve til å røyste på førehand eller om det berre skal vere mogeleg å røyste på valdagen. Rådmann meiner at når ein først går for folkeavrøysting bør ein leggje til rette for at flest mogeleg kan delta. Det å avgrense røystinga til valdagen vil gjere det vanskeleg for ein god del å avgi røyst. Vi bør difor i det minste ha ein periode for førehandsrøysting på rådhuset på Frekhaug.

Kor lang perioden for førehandsrøysting kan bli avheng når det er klart kva alternativ det skal røystast over. Slik det no ser ut kan vi ha eit ekstraordinært kommunestyre 27. april der endeleg intensjonsavtale vert godkjent. Den endelege Intensjonsavtalen bør vere godt kjend før vi opnar for førehandsrøysting, vi må leggje inn noko tid til informasjon og publisering.

I vallova § 8-1 (4) er det ei opning for at veljarar som ikkje kan røyste på valdagen eller i perioden for førehandsrøysting kan vende seg til kommunen og avgi røyst tidlegare. Rådmann gjer framlegg om at vi ikkje opnar for dette ved denne folkeavrøystinga. Dette ut frå ei vurdering av tida og at det vil vere kort tid frå vi har ein endeleg intensjonsavtale til røystinga må gjennomførast.

### **Postrøystegjeving**

Vallova § 8-2 (4) opnar for at veljarar som oppheld seg i utlandet og som ikkje har høve til å oppsøkje røystelokale kan avgi røyst pr. post. Valstyret bør vurdere om det er praktisk mogeleg å opne for postrøysting og kva prosedyrer som i så fall skal gjelde for dette.

### **Røysting på valdagen (valtinget)**

Kapittel 9 i vallova gir detaljerte reglar om røystegjeving på valdagen for ordinære val. Dette omfattar mellom anna tid og stad for røysting, organisering, ordensreglar og prosedyre for røystinga. Rådmann vurderer det som fornuftig å fylgje desse reglane så langt det er relevant.

Rådmann vurderer det også mest tenleg ut frå tida å halde på dei same røystekretsane som vi hadde ved kommune og fylkestingsvalet hausten 2015. Sidan vallova formelt ikkje gjeld ved folkeavrøysting er det ikkje noko i vegen for at fleire røystekretsar kan avgi røyst i same lokale. Det er valstyret som avgjer kor røystegjevinga skal gå føre seg. Dei avgjer og opningstidene i røystelokalane og oppnemner røystestyre. Rådmann meiner valstyret må vurdere om vi skal nytte færre røystelokale enn ved stortingsval, kommunestyre og fylkestingsval.

Sidan det er folkeavrøysting og ikkje listeval kjem ikkje vallova § 9-3 i bruk. Det betyr at kommunestyremedlemmer kan vere valfunksjonærar. Dette gjer det enklare å etablere røystestyre.

## **Prøving av røystinga og røystesetlar, oppteljing, portokollering mv.**

Kapittel 10 i vallova gir detaljerte reglar om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokollering. Rådmann meiner det er mest praktisk å leggje desse reglane til grunn så langt dei er relevante.

### **Klage**

Ved ordinære val har alle som har røyserverett også klagerett. Dersom klagen gjeld spørsmål om røyserverett eller høve til å avgi røyst, har og dei som ikkje har vore ført opp i mantalet klagerett. Klagen skal vere sett fram skriftleg seinast 7 dagar etter valdagen til valstyret. Departementet er øvste klageinstans. Det bør gjevast klagerett ved folkeavrøystinga, og av omsyn til truverdet bør det leggjast opp til at det kan skje til ein instans utanfor kommunen. Dette spørsmålet må avklarast med fylkesmannen i god tid før valet.

### **Prøving av om valet er gyldig**

Ved ordinært val skal det nye kommunestyret fatte vedtak om kommunestyrevalet er gyldig. Kommunestyret skal kjenne valet ugyldig dersom det er gjort feil ein kan rekne med har hatt noko å seie for fordelinga av mandat mellom listene, og som det ikkje er mogeleg å rette. Departementet vil i så fall krevje omval.

Då det her er snakk om rådgjevande folkeavrøysting der sjølve vedtaket skal gjerast av kommunestyret, legg rådmann til grunn at det ikkje er naudsynt å etablere eigen prosedyre for å prøve om valet er gyldig.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø – ikkje vurdert

**Økonomi.** Kommunen får støtte med kr 100 000,- til å gjennomføre høyring i samband med spørsmålet om endringar i kommunestruktur. Som høyring reknar ein og folkeavrøysting. Om folkeavrøystinga kan gjennomførast innanfor ramma på 100 000,- er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt, men det er ikkje avgjerande for spørsmålet om folkeavrøysting.

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for kommunestyret for handsaming.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Meland skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røyserveretten føl vilkåra for røyserverett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røyserverett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne avgi røyst må velgjaren vere innført i mantalet i Meland kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røyserverett pr 01.01.2016.

6. Det vert delegert til valstyre å syte for utsending av valkort og utlegging av manntal i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.
8. Det skal leggjast til rette får å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Valstyret oppnemner røytemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting i tråd med vallova §§ 8-2 til 8-5.
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosesyre for postrøysting i same periode som det er opna før førehandsrøysting.
10. Valstyret avgjer kor røystegjevinga på valdagen skal foregå, fastset tider for røystinga og oppnemner røystestyre.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyre utarbeider prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

### **Kommunestyret - 06/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til endring punkt 10 frå SP v/Per Kristian Holmetun:**

"Valet skal foregå i de samme valkrinsar som ved kommune og fylkestingsvalet 2015. Valstyret fastsett tider og oppnemner røystestyret."

#### **Avrøysting:**

**Pkt 1. i rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 18 røyster for, (AP, FrP, SP, V, MDG, BF), 8 røyster mot, (H, KrF), og er såleis vedteke.**

**Pkt. 2-9, 11 og 12 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til endring punkt 10 frå Senterpartiet fekk 14 røyster for, (3 SP, 5 H, 3 FrP, 2 AP, 1 BF), 12 røyster mot, (5 AP, 3 KrF, 2 V, 2 MDG), og er såleis vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

1. Det vert halde rådgjevande folkeavrøysting i spørsmålet om Meland skal slå seg saman med andre kommunar.
2. Folkeavrøystinga vert halden måndag 23. mai 2016.
3. Valstyret får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkeavrøystinga.
4. Røysteretten føl vilkåra for røysterett ved fylkestingsval og kommunestyreval (vallova § 2-2, (1) og (2)). I tillegg har alle som fyller 16 år i løpet av valåret (født i 2000) røysterett så langt dei fyller dei andre vilkåra. Skjæringsdato for borgarar frå anna nordisk land vert sett til 01.01.2016. For å kunne avgi røyst må velgjaren vere innført i mantalet i Meland kommune.
5. Det skal innhentast manntal som inneheld alle med røysterett pr 01.01.2016.
6. Det vert delegert til valstyre å syte for utsending av valkort og utlegging av mantall i samsvar med vallova § 2-6 og handsame krav om retting i samsvar med vallova §§ 2-7 og 2-8.
7. Valstyret vert delegert mynde til å avgjere endelig utforming av røystesetlar.

8. Det skal leggjast til rette får å førehandsrøyste i perioden 9.05.2016 til 20.05.2016. Valstyret oppnemner røytemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting i tråd med vallova §§ 8-2 til 8-5.
9. Valstyret vert delegert fullmakt til å utarbeide prosesyre for postrøysting i same periode som det er opna før førehandsrøysting.
10. Valet skal foregå i dei same valkrinsar som ved kommune- og fylkestingsvalet 2015. Valstyret fastset tider og oppnemner røystestyrrer.
11. Reglane i kapittel 10 i vallova om godkjenning av røystesetlar, oppteljing og protokoll vert lagt til grunn så langt det er relevant.
12. Valstyre utarbeider prosedyre for å handsame eventuell klage på røystinga, under dette avklare eksternt klageorgan.

# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Per Inge Olsen       | FE - 103, TI - &13 | 15/3234           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 07/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Forslag til nytt inntektssystem - høyringsvar frå Meland kommune

### Vedlegg:

Notat - Høyring på forslag til nytt inntektssystem for kommunane  
Høyring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunane  
Høringsnotat forslag til nytt inntektssystem for kommunene (L)(281603)  
notat KS 14.01.2016-forslag-til-nytt-inntektssystem

### Saksopplysningar:

#### **Bakgrunn:**

##### **Oppsummering av kva høyringa gjeld:**

##### **Ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane**

I Kommuneproposisjonen for 2016 vart det varsla at regjeringa vil gjennomføra ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane, og at forslag til nytt inntektssystem skal presenterast i kommuneproposisjonen for 2017. Det blei understreka at denne gjennomgangen av inntektssystemet også skal sjåast i samheng med kommunereforma. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har så i skriv av 17. desember sendt saka på høyring med frist 1. mars 2016. Meland kommune vil i denne saka gje sitt høyringsvar.

Inntektssystemet består av fleire element:

- i. innbyggjartilskotet, inkludert
  - kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamning og
  - basiskriteriet
- ii. dei regionalpolitiske tilskota inkl. småkommunetilskotet
- iii. dei ulike skatteelementa

I høyringsnotatet vert det gjort greie for konkrete forslag til endringar i pkt i og ii.

I tillegg blir tilhøvet mellom kommunane sine skatteinntekter og inntektssystemet drøfta.

Først vert departementet sitt framlegg til endringar i kostnadsnøkkelen presentert, og vidare er som varsla dagens kompensasjon for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon særleg vurdert. I dag får alle kommunar full kompensasjon gjennom basiskriteriet for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon via kostnadsnøkkelen i utgiftsutjamninga, uavhengig av om delar av desse kostnadane kan sjåast på som frivillige. Etter departementet si vurdering bør ikkje kommunar lenger

kompenaserast fullt ut for slike frivillige smådriftsulemper. Slik vil inntektssystemet bli meir nøytralt i forhold til kommunestruktur. I høyringsnotatet blir det presentert ein modell for eit nytt strukturkriterium, basert på reiseavstandar, med differensiering mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper. Endeleg modell vil bli presentert i kommuneproposisjonen for 2017.

Regionalpolitiske tilskot skal framleis vera ein viktig del av inntektssystemet, og vil vera eit viktig verkemiddel i distriktpolitikken for å oppnå blant anna næringsutvikling og ei god samfunnsutvikling. Regjeringa ønskjer å forenkla tilskotsstrukturen ved at småkommunetilskotet vert samkjørt med dei øvrige regionalpolitiske tilskota, slik at dei i sum vert meir nøytrale i forhold til kommune-samanslutningar.

Skatteinntekter utgjer i dag om lag 40 pst. av kommunesektoren sin samla inntekter. Skatteelementa i inntektssystemet består i hovudsak av tre element; fastsetjing av skatten sin del av dei samla inntektene, skattar som skal tilkoma kommunane og graden av utjamning av skatteinntekter mellom kommunane. Innretninga av skatteelementa i inntektssystemet vil vera ei vurdering av balansen mellom omsynet til lokal forankring av inntektene og omsynet til likeverdige tenester. Det vert i denne omgong ikkje gjort framlegg om endringar i skatteelementa.

Departementet legg opp til å presentera eit heilskapleg forslag til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen 2017, med verknad frå 1.1. 2017. Forslaget som er sendt ut gjev ikkje eit eintydig svar på kva konsekvensane vert for den einskilde kommune, noko som gjer det vanskeleg på det noverande tidspunkt å få eit fullgodt bilete av konsekvensane av forslaget.

Kommunar som slår seg saman i denne stortingsperioden vil få utrekna inndelingstilskotet med utgangspunkt i inntektssystemet for 2016. I inndelingstilskotet får kommunane behalda basistilskot og eventuelle regionalpolitiske tilskot dei mister som følge av samanslåinga i 15 år uavkorta etter samanslåinga, før tilskotet blir trappa ned over 5 år.

### **Prinsipp og målsetjing som ligg til grunn for inntektssystemet**

Den overordna målsetjinga med inntektssystemet er å utjamna dei økonomiske føresetnadane til kommunane. Det betyr ikkje at alle kommunar skal ha like inntekter, men at alle kommunar skal ha same utgangspunkt for å gi innbyggjarane eit likeverdig tenestetilbod.

Kommunesektoren blir finansiert i hovudsak gjennom frie inntekter, dvs. rammetilskot og skatt. Rammefinansiering fører samla sett til den mest treffsikre ressursbruken, er administrativt lite krevjande for både staten og kommunane, og gir rom for lokalt tilpassa løysingar. I tillegg gir rammefinansiering lokale folkevalte eit reelt handlingsrom til å handtera lokale behov.

Når det skal gjerast endringar i inntektssystemet for kommunane så er det eit nullsum spel. Dersom nokon skal få meir, så er det nokon som må få mindre, summen skal heile tida vera «100». I inntektssystemet finst det vidare ein mekanisme for forseinking av store endringar – «INGAR», som sikrar at ingen kommunar i eit einskild år får ei «endring» over eit visst nivå. Det gjer at dersom endringane er store kan det ta to til tre år før effekten er tatt fullt ut. Dette er det ikkje tatt omsyn til i kommentarane i denne saksutgreiinga.



## Forslag til ny kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga

Hovuddelen av rammetilskotet til kommunane blir i utgangspunktet fordelt med ein lik sum per innbyggjar gjennom innbyggjartilskotet. Eit viktig prinsipp i inntektssystemet er at kommunane skal få full kompensasjon for utgifter ved tenesteytinga som dei sjølv ikkje kan påverka. Det er til dels store forskjellar mellom kommunane i befolkningssamansetjing, geografi og kommunestorleik. Dette fører til variasjonar i kva tenester innbyggjarane har behov for og kva kostnadar kommunane har ved å tilby desse tenestene. Målet med utgiftsutjamninga er å utjamna desse forskjellane, og å setja alle kommunar i stand til å tilby innbyggjarane likeverdige og gode kommunale tenester.

Grunnlaget for denne omfordelinga er kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga. Via desse nøklane vert rammetilskotet fordelt basert på eit statistisk berekna utgiftsbehov for den einkilde kommune, og ikkje dei faktiske utgiftene til kommunane. Vi snakkar difor om eit tilskot, og ikkje refusjon av faktiske utgifter, og det er opp til kommunen sjølv å forvalte tilskotet på ein fornuftig måte. Det vert berekna delkostnadsnøklar for sektorane grunnskule, barnehage, pleie- og omsorg, helsetenester, barnevern, sosialhjelp, samt administrasjon/landbruk/miljø i utgiftsutjamninga.

Det er frå tidlegare lagt opp til at kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga skal oppdaterast om lag kvart fjerde år, og denne revisjonen er ei oppfølging av dette. Departementet har teke utgangspunkt i dagens kostnadsnøklar, utført nye analysar av dei ulike sektorane med eit oppdatert datagrunnlag, og foreslår i høyringsnotatet endringar i alle delkostnadsnøklane. Formålet med revisjonen har vore å sjå om dagens kostnadsnøklar framleis er den beste til å fanga opp variasjonar i kostnadar mellom kommunane, eller om andre modellar er betre.

Det er gjort ein total gjennomgang av kostnadsnøkkelen for berekninga av kommunane sin kostnadsindeks. Kommunar som får ein kostnadsindeks som er høgare enn 100 får tilført ekstra midlar i utgiftsutjamninga. Dei som har kostnadsindeks mindre enn 100 må gje frå seg. Dette er eit null sum spel. Kostnadsnøkkelen inneheld eit sett med ulike faktorar som skal vektleiggast og summen av dei skal vere 1,0000. Vekta til basiskriteriet er ikkje bestemt, det vil vere avhengig av kven av dei tre grenseverdiane for strukturkriteriet som vert valt. Det gjer at kostnadsnøkkelen som er lagt fram kan endre seg.

Sidan det berre skal kompenseras for utgifter kommunen sjølv ikkje kan påverka i utgiftsutjamninga, må det setjast strengja krav til kva type kriterium som kan inngå i systemet. Kriteria må vera objektive, basert på offisiell statistikk og dei må vere mogelege å oppdatera jamleg.

Det blir ikkje føreslege endringar i kva sektorar som blir omfatta av utgiftsutjamninga. Det har tidlegare vore drøfta om kommunale vegar burde vore inkludert. Departementet hevdar at i motsetning til for riks- og fylkesvegane finst dei ikkje nasjonale standardar for kommunale vegar, og at dette ikkje er ei tenesta der det blir stilt krav til likskap mellom kommunar. Dei meiner vidare at sidan kommunane sjølv kan fastsetja kva som skal vere standarden på ein kommunal veg, vil utjamning på dette området bryte med prinsippa for utgiftsutjamninga, og tilrår at denne sektoren ikkje vert teken inn. Det er i tillegg vanskeleg å finna gode, objektive kriterium i kostnadsnøkkelen.

Kriteria i kostnadsnøkkelen kan i grove trekk delast opp i tre grupper;

- alderskriterium
- sosiale kriterium
- strukturelle kriterium

Alderskriterium og sosiale kriterium seier noko om trekk ved befolkninga i kommunane som påverkar etterspørselen etter kommunale tenester. Strukturelle kriterium seier noko om variasjonar i kostnadsforhold ved kommunen som kan forklara delar av variasjonen i kommunane sine utgifter, som kommunestorleik og busetjingsmønster.

Departementet har gjort oppdaterte analysar av alle kostnadsnøkklane og det blir foreslått endringar i alle nøklane, oppsummert slik:

- Grunnskule:  
Kriteriet norskfødde 6-15 år med innvandrarforeldre (ekskl. Skandinavia) blir teken ut.
- Pleie og omsorg:  
Ingen endringar i kriterium. Innbyggjarar 0-66 år vekta opp, mens innbyggjarar 90 år og over og psykisk utviklingshemma 16 år og over vekta ned. Nedvektinga av psykisk utviklings-hemma vil også røra ved toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.
- Barnehagar:  
Inga endring i kriterium. Det er skissert ein alternativ modell der utdanningskriteriet blir erstatta med tal heiltidstilsette 20-44 år. Denne modellen har noko lågare forklaringskraft, men blir vurdert som eit godt alternativ.
- Kommnehelsa:  
Det blir lagt større vekt på kriteriet innbyggjarar 67 år og over samtidig som kriteriet for dødsfrekvens blir teke ut.
- Barnevern:  
Ingen endringar i kriterium. Større vekt på kriteriet barn 0-15 år med einsleg forsørgjar og personar med låg inntekt, mens innbyggjarar 0-22 år får mindre vekt.
- Sosialhjelp:  
Urbanitetskriteriet blir erstatta med kriteriet aleinebuarar 30-66 år. Dette gjer også at vektinga mellom kriteria blir endra.
- Landbruk:  
Kriteriet areal dyrka mark går ut. Kriteriet tal jordbruksbedrifter vekta monaleg opp.
- Administrasjon:  
Inga endring i kriterium.

I høringsnotatet er det teke med tal på nye kostnadsnøklar, men desse vert ikkje referert her.

### **Endring i kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjamninga**

Departementet tek sikte på å innføra ein modell der det skiljast mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon og administrasjon gjennom eit nytt strukturkriterium som seier noko om reiseavstandar. I dette ligg det at dess større avstandane er, dess meir er smådriftsulempene å forstå som ufrivillige - og dess høgare bør kompensasjonen vere. Det betyr at kommunar som på grunn av store reiseavstandar er ufrivillig små framleis vil motta full kompensasjon. Kommunar som frivillig er små vil ikkje lenger motta full kompensasjon for smådriftsulemper gjennom utgiftsutjamninga.

I dagens inntektssystem er det lagt til grunn at alle smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon er ein ufrivillig kostnad. Dagens kompensasjon for smådriftsulemper på kommunenivå er ein del av kostnadsnøkkelen, og vert tildelt gjennom basiskriteriet. Det vert gjeve for å dekke opp for kommunen sine administrative kostnader med det å vere ein eigen kommune. Basiskriteriet har verdien éin for alle kommunar, og utgjer ca kr 13,2 mill. Det vil seia at små kommunar får ein vesentleg høgare sum per innbyggjar enn større kommunar.

Etter departementet si vurdering bør desse smådriftsulempene ikkje lenger kompenseras fullt ut og vere like per kommune. Inntektssystemet bør nemleg vere mest mogeleg nøytralt i forhold til kommunestruktur. For å differensiera kompensasjonen for smådriftsulemper mellom kommunane, foreslår departementet å innføra ein modell med gradering av basiskriteriet ved hjelp av dette nye strukturkriteriet.

Kriteriet er tenkt oppbygd slik:

- Kommunane delast opp i 12.000 grunnkretsar.
- Alle innbyggjarane i ein grunnkrets vert så flytta til den staden i sin grunnkrets kor det bur flest personar.
- Så ser man på kor langt innbyggjarane i ein grunnkrets må reise for å møte minst 5.000 innbyggjarar – anten det er innanfor eller utanfor eigen kommune.
- Kommunen sitt strukturkriterium er gjennomsnittet for alle grunnkretsane i kommunen.

Forslaget vil føra til at kommunane får eit basistilskot på mellom 0 og ca 13,2 mill. kroner avhengig av storleiken på strukturkriteriet. Departementet vurderer alternative grenseverdier på 25,4 km, 16,5 km eller 13,3 km for kor lang reiselengde som tilseier full kompensasjon. Kommunar med kortare reiselengda enn dette vil få ein forholdsmessig reduksjon. Ein kommune som har ei reiselengde som er halvparten av grenseverdien, vil som utgangspunkt då få halvert basistilskotet.

Departementet sitt forslag til endringar i kompensasjonen for smådriftsulemper i utgiftsutjevninga er:

1. *Smådriftsulemper til tenester vil fortsatt kompensert fullt ut.*
2. *Smådriftsulemper på kommunenivå vil ikkje lenger bli sett på som en fullt ut ufrivillig kostnad, og blir dermed ikkje kompensert fullt ut for alle kommunar.*
3. *Strukturkriteriet vert nytta for å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper, og graden av frivillighet.*
4. *Ved hjelp av strukturkriteriet vert kompensasjonen differensiert for smådriftsulemper i utgiftsutjevninga for kommunane.*

*Endelig utforming av en slik modell blir presentert i kommuneproposisjonen for 2017. I høringsrunden ønskes det innspel og kommentarar til innretninga på denne modellen, og den prinsipielle vurderinga av om alle smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon bør kompensert fullt ut gjennom utgiftsutjevninga i inntektssystemet.*

### **Endringar i dei regionalpolitiske tilskot**

I dagens inntektssystem er fem tilskot regionalpolitisk begrunna:

- småkommunetilskotet
- Distriktstilskot Sør-Norge,
- Nord-Norge- og Namdalstilskotet
- Veksttilskotet
- Storbytilskotet.

Totalt utgjør disse tilskota om lag 3,1 pst. av det totale rammetilskotet til kommunane, men for nokre kommunar utgjør tilskota ein betydelig større del.

I dag får alle kommunar i Nord-Noreg og 14 kommunar i Nord-Trøndelag nord-Noreg- og Namdalstilskudd med ein fast sum per innbyggjar. Kommunar i Sør-Noreg kan motta distriktstilskot Sør-Noreg dersom kommunen har distriktsutfordringar målt ved distriktsindeksen. Dette tilskotet vert tildelt delvis med ein sum per kommune og delvis per innbyggjar.

Kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar, både i Nord- og Sør-Noreg, får småkommunetilskot med ein fast sum per kommune. Kommunar i Nord-Noreg kan motta både nord-Noreg- og Namdalstilskudd og småkommunetilskot, medan kommunar i Sør-Noreg mottek anten småkommunetilskot eller distriktstilskot Sør-Noreg.

For å forenkla tilskotsstrukturen foreslår regjeringa å slå saman desse tre tilskota til to nye tilskot, eitt for Nord-Noreg og eitt for Sør-Noreg. Småkommunetilskotet blir foreslått vidareført innanfor dei to nye tilskota, som eit eige småkommunetillegg. Det blir foreslått å knyta dette småkommunetillegg tettare opp til distriktspolitikken enn dagens småkommunetilskot, ved at satsane på tillegget blir differensierte med distriktsindeksen. På den måten blir også graden av distriktsutfordringar, og ikkje berre innbyggjartal, avgjerande for storleiken på småkommunetillegget.

Det er i høyringsnotatet ikkje fremja eit konkret forslag til korleis småkommunetillegg skal utformast, utover at distriktsindeksen vil bli nytta for å gradera dette. Det er grunn til å tru at kommunane med lågast distriktsindeks i utgangspunktet kan forventast eit tilskot på nivå med dagens småkommunetilskot. F.eks. vil dette gjelda 64 av dei 66 kommunane i Nord-Noreg og Namdalen som mottek småkommunetilskot i dag. Kommunar med høgare distriktsindeks kan oppleve lågare tilskot, og for kommunane med høgare indeks kan heile småkommunetilskotet falle bort. Merk at kommunar med stort areal med relativt få innbyggjarar har låg distriktsindeks (som t.d. Modalen).

Forslaget skisserer samtidig ei endra innretning slik at meir av tilskota vil verte fordelt per innbyggjar og mindre per kommune. Dette vil slå negativt ut for kommunane med lågast folketal. Departementet peiker på at småkommunetilskotet, som vert gjeve som eit fast beløp per kommune, ikkje er nøytralt i forhold til kommunesamanslutningar, og tilrår eit alternativ som i større grad er basert på talet på innbyggjarar og i mindre grad vert tildelt som ein fast sum per kommune.

Sjølv om kommunane blir kompensert for kommunesamanslutningar gjennom inndelingstilskotet kan det svekkja insentiva til samanslutningar dersom småkommunetilskotet og dei andre regionalpolitiske tilskot er for gode. Dei regionalpolitiske elementa i systemet bør også tildelast ei klarare grunngeving og forankring i regionalpolitikken.

Som eit alternativ til skisserer departementet ein modell der småkommunetilskotet blir graderte ut frå verdi på strukturkriteriet. Ei slik innretning inneber at kommunar som har spreidd busetnad i større grad blir skjerma enn kommunar i tettbygde område. På den andre sida kan ein slik innretning bli for likt strukturkriteriet.

Departementet seier at med deira forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota vil kommunar i Nord-Norge og små kommunar i hele landet fortsatt ha eit betydeleg høgare inntektsnivå enn andre kommunar. Fordelingsprofilen i regionalpolitikken i inntektssystemet vil i hovudsak bli som i dag, sjølv om småkommunetillegget vert knytt til distriktsindeksen. Retninga i politikken er ei forsiktig dreining der meir vert knytt til reelle distriktsutfordringar og mindre til størrelsen på kommunen.

Vekstkommunetilskotet vert gjeve til kommunar med ein årleg befolkningstilvekst på meir enn 1,6 pst. Det blir ikkje foreslått endringar i dette tilskotet, men det blir vist til at departementet vil vurdere om veksttilskotet skal innlemast i inndelingstilskotet til nye kommunar etter ei kommunesamanslåing. Storbytilskotet vert gjeve til dei 4 største kommunane. Det blir ikkje foreslått endringar i dette tilskotet, men departementet vil vurdere omfang og innretning på tilskotet.

Departementet sitt forslag til endringar er slik:

5. *Nord-Norge- og Namdalstilskotet vert vidareført, og vert slått saman med småkommunetilskotet for disse kommunane til et nytt Nord-Norgetilskudd.*
6. *Distriktilskot Sør-Norge og småkommunetilskotet for kommunane i Sør-Norge slås samen til eit nytt Sør-Norgetilskot.*
7. *Småkommunetilskotet vert vidareført som eit eige småkommunetillegg innanfor dei to tilskota; Nord-Norgetilskotet og Sør-Norge tilskotet.*
8. *Satsene på småkommunetillegget vert differensiert i forhold til kommunen sin verdi på distriktsindeksen, slik at tilskotet vert gradert etter denne på same måte som satsane innanfor*

*dagens Distriktstilskot Sør-Norge.*

9. *Det vil bli gjort justeringar i tilskota slik at meir enn i dag vert fordelt per innbyggjar.*

*Forslag til satsar for de nye tilskota vil bli lagt fram i kommuneproposisjonen for 2017. Samla bevilling for tilskota vil bli bestemt i forbindelse med de årlige budsjettprosessane.*

### **Skatt og skatteutjamning**

Departementet gjev i høyringsnotatet ei skildring av dagens system for skatt og skatteutjamning.

Eit av prinsippa for finansieringa av kommunesektoren er omsynet til det lokale sjølvstyret. Dette inneber at kommunesektoren bør ha økonomisk sjølvstende og høve for å behalda ein del av inntekter og verdiar som blir skapt i eige lokalsamfunn. Dette tilseier at ein del av inntektene bør koma frå lokale skattar. Eit anna prinsipp er at kommunane skal setjast i stand til å gi likeverdige tenester til innbyggjarane sine, noko som tilseier at det ikkje bør vera for store forskjellar i inntekter mellom kommunane. I skatteelementa i inntektssystemet blir det teke omsyn til begge prinsipp.

Mekanismar som regulerer fordelinga av skatteinntekter mellom kommunane er; Kva skattar kommunane får behalda ein del av, kor stor del skatteinntektene utgjer av samla inntekter og i kor stor grad skatteinntektene blir utjamna mellom kommunane.

Skatteinntektene til kommunane omfattar i dag skatt på inntekt og formue frå personlege skattytarar, naturressursskatt frå kraftselskap, eigeomsskatt og andre produksjonsskattar, dvs. konsesjonsavgift som blir betalt til kommunar som er rørt av vasskraftutbygging eller -regulering. Det vert ikkje fremja konkrete forslag til endringar i dagens modell, men viser i staden til at skattedel og graden av skatteutjamning er noko som blir fastsett kvart år i samband med kommuneopplegget i statsbudsjettet.

Frå og med 2017 vil kommunane bli tilførte inntekter via ein ny modell for selskapsskatt. Denne modellen er basert på vekst i lokal verdiskaping, og skal gi kommunane eit sterkare insentiv til å leggja til rette for næringsutvikling. Samtidig vil delar av verdiskapinga førast tilbake til lokalsamfunnet. Kommunar med vekst i lønssummen i privat næringsverksemd over ein periode på fire år vil motta ein del av den nye selskapsskatten. Den nye selskapsskatten skal inngå i skatteutjamninga. Departementet kjem tilbake til selskapsskatten i kommuneproposisjonen for 2017.

### **Vurderingar:**

#### **Vurdering av forslag til ny kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga**

Berekningar frå KS basert på departementet sitt framlegg til nye kostnadsnøklar viser at Meland kommune som følgje av endringane vil få ein reduksjon i rammetilskotet på kr 2,7 mill.

### Kostnadsindeksane i høringsforslaget sammenlikna med 2016

| Meland kommune<br>Sektorer | 2016    | Hørings-<br>forslaget | Endring<br>i % | Endring i<br>1000 kr |
|----------------------------|---------|-----------------------|----------------|----------------------|
| Barnhage                   | 1,33040 | 1,32261               | -0,6 %         | 173                  |
| Administrasjon             | 1,06693 | 1,06482               | -0,2 %         | -311                 |
| Skole                      | 1,22657 | 1,23220               | 0,5 %          | -1 953               |
| Pleie- og omsorg           | 0,80256 | 0,82122               | 2,3 %          | 1 092                |
| Helse                      | 1,07167 | 1,01465               | -5,3 %         | -861                 |
| Barnevern                  | 1,02156 | 0,97148               | -4,9 %         | -671                 |
| Sosialhjelp                | 0,64976 | 0,65538               | 0,9 %          | -169                 |
| Ny kostnadsnøkkel          | 1,04696 | 1,03975               | -0,7 %         | -2 700               |

Det er mange forklaringar til denne reduksjonen, men viktigast er at grunnskulen sin del av dei samla utgiftene over inntektssystemet (nasjonalt) er redusert. I Meland kommune utgjør grunnskulen ein høgare del av dei totale utgiftene enn i ein gjennomsnittskommune, og når sektorens totale andel av utgiftene vert redusert, vert denne reduksjonen større for Meland kommune enn ein gjennomsnittskommune.

Det er likevel ikkje grunn til å vektlegge ein slik berekna reduksjon i inntekter i høyringssvaret. Det er fleire grunnar til dette:

1. Endring i kostnadsnøkklane er statistiske berekningar som vert gjort med det formål å fordele rammetilskotet mellom kommunane ut frå det faktiske utgiftsbehovet.
2. Berekningsmodellane er basert på statistiske analyser for å teste kva modell som treffer best i forhold til faktisk behov, og dei er i svært liten grad politisk begrunna.
3. At Meland kommune kjem dårlegare ut er difor eit resultat av ei berekning som betre skal treffe kommunane sine faktiske utgiftsbehov.
4. Grunnlaget for berekningane er Kostra-tal for 2014, medan dei endeleg fordelingane i neste statsbudsjett (for 2017) vil vere basert på Kostra-tal for 2015, som kan vise ei anna fordeling enn det som dei foreløpige berekningane viser. Vi veit dermed ennå ikkje om utslaga vert slik KS har berekna.
5. Endring på kr 2,7 mill er innanfor det vi må rekne med i variasjonar i rammetilskot frå eit år til neste som følgje av dei årlege endringar av kostnadsnøklar og andre grunnlagsdata i inntektssystemet.

Rådmannen rår til at Meland kommune i hovudsak tek dei framlagte endringar i kostnadsnøkklane til etterretning utan å kommentere desse vidare i høyringssvaret. Det bør likevel vurderast om ikkje oppdatering av kostnadsnøkklane bør skje årleg, og ikkje kvart fjerde år.

Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. Graden av vekst varierer mellom kommunane. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. Dette er i liten grad omtalt i høyringsnotatet.

I framlegget til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg ligg det ei nedskalering av kriteriet knytt til ressurskrevjande tenester. Utgiftsveksten på dette området har vore stor dei siste åra, og det er ikkje klart korleis denne endringa i kriteriet skal kompenseras i refusjonsordninga for ressurskrevjande tenester. Det kan sjå ut som kommunar med mange brukarar som ein får relativt lav refusjon for vil komme dårlegast ut. Meland kommune er ikkje verst stilt, men rådmannen meiner det likevel er viktig overføringane via inntektssystemet og refusjonsordningane på dette området i sum ikkje må svekkast.

## Vurdering av forslag til endring i kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjamninga (nytt strukturkriterium)

I motsetnad til endring i kostnadsnøklar som er basert på tekniske og statistiske berekningar er innføring av eit nytt strukturkriterium i større grad eit politisk val, knytt til korleis ein meiner dei distriktpolitiske verkemiddel i inntektssystemet skal vere. Departementet er og tydeleg på målsettinga med innføringa av eit slikt kriterium. Det skal støtte opp om kommunereformarbeidet ved å redusere rammeoverføringane noko til kommunar som er frivillige små. Dei kommunar som er ufrivillig små på grunn av geografiske forhold og busettingsmønster som gjer at dei vanskeleg kan ha mange innbyggjarar, skal fortsatt ha eit inntektsnivå på dagens nivå.

I dagens system er det nemleg slik at små kommunar har betydeleg høgare inntekter per innbyggjar enn større kommunar. Denne fordelten med å vere liten kommune vert av departementet vurdert å vere for stor samstundes som ein ønskjer å fremje ei strukturendring i kommunal sektor.

Dersom ein meiner det er rett politikk at inntektssystemet skal legge til rette for ein kommunestruktur som vi har i dag, kan det vere naturleg å vere i mot framlegget til nytt strukturkriterium. Men dersom ein meiner at det i inntektssystemet skal vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturereform i kommunal sektor enn det er i dag, bør det vere naturleg å støtte intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.

Følgjande tabell viser korleis KS har berekna effekten av framlegget til nytt strukturkriterium for alle norske kommunar ved ein grenseverdi for reiselengda på 25,4 km:

| KMD         | Kommuner som kommer ut i pluss |             |           |          | Kommuner som kommer ut i minus |             |            |          | Netto    |
|-------------|--------------------------------|-------------|-----------|----------|--------------------------------|-------------|------------|----------|----------|
|             | Antall komm                    | Antall innb | 1000 kr   | Per innb | Antall komm                    | Antall innb | 1000 kr    | Per innb |          |
| 25,4 km     |                                |             |           |          |                                |             |            |          |          |
| <3000       | 106                            | 162 666     | 84 777    | 521      | 52                             | 111 785     | -161 135   | -1 441   | -76 358  |
| 3000-5000   | 15                             | 57 348      | 23 491    | 410      | 52                             | 206 585     | -238 928   | -1 157   | -215 437 |
| 5000-10000  | 2                              | 12 174      | 3 399     | 279      | 87                             | 599 767     | -492 761   | -822     | -489 362 |
| 10000-20000 | 0                              | 0           | 0         |          | 59                             | 834 363     | -234 387   | -281     | -234 387 |
| 20000-50000 | 33                             | 1 019 949   | 137 679   | 135      | 7                              | 152 286     | -5 760     | -38      | 131 919  |
| >50000      | 14                             | 1 361 203   | 548 970   | 403      | 0                              | 0           | 0          | 0        | 548 970  |
| Oslo        | 1                              | 647 676     | 334 654   | 517      |                                |             |            |          | 334 654  |
|             | 171                            | 3 261 016   | 1 132 971 | 347      | 257                            | 1 904 786   | -1 132 971 | -595     | 0        |

Totalt inneber framlegget ei omfordeling mellom kommunane på kr 1,13 mrd. Tabellen viser at det er kommunar på over 20 000 innbyggjarar og kommunar under 3000 innbyggjarar som i hovudsak vil tene på det nye forslaget til strukturkriterium. Det er og verd å merke seg at med det nye forslaget så vil alle kommunar med innbyggjarar mellom 10 000 og 20 000 tape på forslaget, medan det er dei største kommunane som kjem best ut.

Tilråding til kommunestorleik i samband med kommunereforma er at kommunane burde ha minimum 10 000 til 15 000 innbyggjarar. Det må innebere at ein reknar med at desse ikkje har smådriftsulemper. Tabellen viser at det er mange kommunar som altså ikkje har smådriftsulemper i dag, men har færre enn 20 000 innbyggjarar, som vil tape på det nye kriteriet.

Berekningane frå KS viser og at dei minste kommunane ikkje berre opprettheld dagens tilskotsnivå, men faktisk får ei monaleg auke.

For Meland kommune er berekningane slik:

| <b>Konsekvens for Meland kommune av forslag til nytt strukturkriterium</b> | <b>Kr per innb.</b> | <b>mill kr</b> |
|--|---------------------|----------------|
| Grenseverdi for reiselengde 25,4 km  | <b>-897</b>         | <b>-6,9</b>    |
| Grenseverdi for reiselengde 16,5 km  | <b>-821</b>         | <b>-6,4</b>    |
| Grenseverdi for reiselengde 13,3 km  | <b>-735</b>         | <b>-5,7</b>    |

Meland kommune vert såleis vurdert som frivillig liten i departementet sitt forslag.

KS tilrår i notat av 14. januar 2016 at det vert arbeidd vidare med å operasjonalisere strukturkriteriet for å unngå dei utilsikta effektane av framlegget. Ein måte å gjere dette på kan vere at basiskriteriet bare vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ei glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået).

Graderingen av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ kommer alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar. Kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar kjem ut noko dårligare i dette alternativet enn i framlegget frå departementet.

Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtte opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik. KS har berekna effekten av sitt alternative framlegg slik:

| Alternativ  | Kommuner som kommer ut i pluss |             |           |          | Kommuner som kommer ut i minus |             |            |          | Netto    |
|-------------|--------------------------------|-------------|-----------|----------|--------------------------------|-------------|------------|----------|----------|
|             | Antall komm                    | Antall innb | 1000 kr   | Per innb | Antall komm                    | Antall innb | 1000 kr    | Per innb |          |
| 25,4 km     |                                |             |           |          |                                |             |            |          |          |
| <3000       | 103                            | 158 204     | 45 172    | 286      | 55                             | 116 247     | -188 760   | -1 624   | -143 589 |
| 3000-5000   | 11                             | 40 729      | 11 141    | 274      | 56                             | 223 204     | -291 232   | -1 305   | -280 091 |
| 5000-10000  | 2                              | 12 174      | 417       | 34       | 87                             | 599 767     | -639 684   | -1 067   | -639 267 |
| 10000-20000 | 45                             | 684 251     | 188 965   | 276      | 14                             | 150 112     | -57 479    | -383     | 131 486  |
| 20000-50000 | 40                             | 1 172 235   | 343 242   | 293      | 0                              | 0           | 0          |          | 343 242  |
| >50000      | 14                             | 1 361 203   | 398 573   | 293      | 0                              | 0           | 0          |          | 398 573  |
| Oslo        | 1                              | 647 676     | 189 646   | 293      |                                |             |            |          | 189 646  |
|             | 216                            | 4 076 472   | 1 177 155 | 289      | 212                            | 1 089 330   | -1 177 155 | -1 081   | 0        |

Vi ser at i KS sitt alternative framlegg kjem 45 av 59 kommunar med mellom 10 000 og 20 000 innbyggjarar betre ut enn i dag.

KS meiner vidare at val av kor mange personer det skal målast reiselengde til og kva grenseverdiar for reiselengde som skal kvalifisere til fullt basiskriterium, i stor grad vil måtte baserast på skjøn. Dette taler for at det nye strukturkriteriet bør haldast utanom kostnadsnøkkelen, og ikkje skje gjennom ei revekting av kriteriene i kostnadsnøkkelen slik departementet foreslår. Korreksjonen for gradert basiskriterium kan for eksempel inngå i inntektssystemet på same måte som korreksjonen for ulik bruk av private/statlige skoler.

Rådmannen støttar synet til KS referert over og deira alternative modell for utrekning av strukturkriteriet.

Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne



modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma, inkl. inntektsnivået til dei samanslåtte kommunane.

Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen for eit strukturkriterium vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.

Dermed slepp ein at kommunar som sommaren 2016 vedtek kommunesamanslåing får ein reduksjon i basiskriteriet og dermed inntektsnedgang i 2017-2019 som følgje av det nye strukturkriteriet, og så får tilbake det fulle basiskriteriet frå 2020 som del av ein samanslått kommune. Alternativet må vere at kommunar som har vedteke samanslåing får behalde fullt basistilskot også i perioden 2017-2019.

### **Vurdering av forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota**

Av dei aktuelle regionalpolitiske tilskot mottok Meland kommune berre veksttilskot. Det er ikkje gjort framlegg om endringar i dette. Kommunen er elles invitert til eit meir generelt høyringssvar når det gjeld dei regionalpolitiske tilskota. Det er ikkje sagt noko om nivået på det samla tilskotsnivået, slik at det er vanskeleg å berekne effektar for kommunane.

Rådmannen meiner at forslaga i høyringsframlegget vil kunne gje ein betre profil på dei regionalpolitiske tilskota enn slik dei er i dagens inntektssystem, og vil tilrå støtte til departementet sine framlegg til endringar på pkt. 5 til 9 i høyringsnotat.

### **Vurderingar med omsyn til inndelingstilskotet og andre delar av rammetilskotet ved eventuell kommunesamanslåing**

Ved samanslåing av kommunar får den nye kommunen eit inndelingstilskot som vil erstatte bortfall av basistilskot og eventuelle småkommunetilskot. Inndelingstilskotet vert gitt til samanslåtte kommunar i 15 år med ei nedtrapping dei neste 5 åra, til saman 20 år

Den nye kommunen som består av N (tal) kommunar som slår seg saman, vil få berekna eit basistilskot for den samanslåtte kommunen. I tillegg vil den behalda basistilskota slik dei er berekna i inndelingstilskotet i dag i 15 år framover for N-1 kommunar, for så å trappast ned over 5 år. Dersom tre kommunar slår seg saman vil det bli berekna basistilskot for den nye kommunen + 2 x basistilskot etter gammalt inntektssystem, der inndelingstilskotet = 2 x kr 13,2 mill.

For samanslåingsalternativet Radøy-Meland-Lindås har Regionrådet i notat av 22. januar rekna ut at den samanslåtte kommunen netto vil få kr 20 mill. høgare inntekter enn dersom dei tre kommunane fortsett som eigen kommune. Dette inkluderer forventa endringar i kostnadsnøklane. Rådmannen meiner det er stor usikkerhet knytt til desse tala, då departementet ennå ikkje har klarlagt alle forhold rundt inndelingstilskotet og kva som vert lagt til grunn i kostnadsnøklane i inntektssystemet for ein samanslått kommune.

Dette gjeld til dømes i forhold til veksttilskotet. Regjeringa vil fram mot kommuneproposisjonen vurdere om veksttilskotet kan takast med i inndelingstilskotet. Ved kommunesamanslåing vil etter dagens praksis ein del kommunar miste veksttilskotet. Meland kommune får i 2016 kr 7,5 mill. i veksttilskot. Dersom det vert vedteke at veksttilskotet kan inngå i inndelingstilskotet, så vil det vere økonomisk fordelaktig for ein kommunesamanslåing der Meland er med.

Det er heller ikkje avklart om det for kommunar som gjer vedtak om kommunesamanslåing før 30. juni 2016 vil bli berekna basistilskot etter gamalt eller nytt inntektssystem for den samanslåtte kommunen. Rådmannen meiner det er viktig å få avklart desse usikre forholda knytt til inndelingstilskotet, då dei vil ha stor betydning for vurderinga av dei økonomiske effektane av ei kommunestrukturændring der Meland kommune inngår.

### **Vurderingar av skatt og skatteutjamning**

Rådmannen har ikkje vesentlege kommentarar til det som går fram av utgreiinga i høyringsnotatet med omsyn til skatt og skatteutjamning. Meland kommune vil tape på ei svekking av skatteutjammings-ordninga. Dette skuldsat at kommunen har betydeleg lågare skatteinntekter per innbyggjar enn gjennomsnittleg for alle kommunar, og er avhengig av betydelege inntekter frå skatteutjamninga. Dette skuldast at kommunen har høg vekst og dermed ein ung befolkning der det relativt sett er færre innbyggjarar enn gjennomsnittleg som har inntektsgjevande arbeid og betaler skatt.

Når det gjeld endringane i selskapsskatten har rådmannen ikkje vurdert desse i denne samanheng.

Det er ikkje vurdert forhold rundt folkehelse eller miljø i denne saka.

### **Konklusjon:**

Basert på dei føregåande vurderingane vil rådmannen oppsummere med følgjande merknader frå Meland kommune til forslaget til nytt inntektssystem:

#### **Kostnadsnøklar**

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdatert. Kostnadsnøklane bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokon effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.
- Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. Graden av vekst varierer mellom kommunane. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper må departementet prioritera å identifisera statistisk utsagnskraftige forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøklane.
- Ein vesentleg del av mottakarane av ressurskrevjande tenester er psykisk utviklingshemma, og enkeltkommunar kan ha særleg høge utgifter knytt til personar med psykisk utviklingshemming. I departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg er dette kriteriet vekta betydeleg ned. For å oppretthalda prinsippet om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper er det viktig at budsjetta for toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester vert styrka slik at tenestetilbodet ikkje vert redusert.

### **Nytt strukturkriterium**

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og rådmannen støtter difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.
- Departementet bør arbeide vidare med å operasjonalisere strukturkriteriet for å unngå at kommunar mellom 10 000 og 20000 innbyggjarar i så stor grad som foreslått får nedgang i tilskot. Ein måte å gjere dette på kan vere å følgje opp KS sin alternative modell om at basiskriteriet bare vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ei glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået). Graderingen av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ vil alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar komme ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar, medan kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar vil komme noko dårlegare ut enn i framlegget frå departementet.

Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtte opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik

- Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.

### **Regionalpolitiske tilskot**

- Rådmannen støtter framlegget om ei forsiktig dreiging av desse tilskota frå størrelse på kommunen til meir å ta omsyn til reelle distriktsutfordringar. I eit slikt system er det viktig med tillit til den statistiske modellen som bereknar dei reelle distriktsutfordringane. Det er og rett at det skjer ei dreiging i retninga av at tilskotet vert gjeve meir basert på innbyggjartal enn ein fast sum per kommune.
- Veksttilskotet bør inngå som del av inndelingstilskotet ved kommunesamanslåingar, da vekstutfordringane til dei aktuelle kommunane ikkje fell vekk ved samanslåingar. Det kan eventuelt vurderast ei raskare nedtrapping enn 15+5 år slik det elles er for inndelings-tilskotet.

### **Skatteelementa:**

Rådmannen er einig i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar. Dette set vilkåret om likeverdige tenester til innbyggjarane på prøve.

Då er det viktig å oppretthalda minimum den skatteutjamninga vi har i dag.

## **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner følgjande høyringsuttale:

Det vert vist til høyringsbrev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet med forslag til nytt inntektssystem for kommunane.

Meland kommune meiner at inntektssystemet for kommunane i hovudsak er eit fornuftig og rettvist system for å fordela inntektene til kommunane. Inntektssystemet skal byggja på tre grunnleggjande prinsipp om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar, ikkje vera eit refusjonssystem og ikkje vera eit insentivsystem.

På følgjande punkt har Meland kommune merknader til forslag til nytt inntektssystem:

### **Kostnadsnøklar**

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøkla kvar fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdatert. Kostnadsnøkla bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokon effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.
- Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. Graden av vekst varierer mellom kommunane. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar må departementet prioritera å identifisera statistisk utsagnskraftige forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøkla.
- Ein vesentleg del av mottakarane av ressurskrevjande tenester er psykisk utviklingshemma, og enkeltkommunar kan ha særskilte høge utgifter knytt til personar med psykisk utviklingshemming. I departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg er dette kriteriet vektet betydeleg ned. For å oppretthalda prinsippet om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar er det viktig at budsjetta for toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester vert styrka slik at tenestetilbodet ikkje vert redusert.

### **Nytt strukturkriterium**

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og Meland kommune støtter difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.
- Departementet bør arbeide vidare med å operasjonalisere strukturkriteriet for å unngå at kommunar mellom 10 000 og 20000 innbyggjarar i så stor grad som foreslått får nedgang i tilskot. Ein måte å gjere dette på kan vere å følgje opp KS sin alternative modell om at basiskriteriet bare vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ei glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået). Graderingen av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ vil alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar komme ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar, medan kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar vil komme noko dårlegare ut enn i framlegget frå departementet.

Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtte opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik

- Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.

### **Regionalpolitiske tilskot**

- Meland kommune støtter framlegget om ei forsiktig dreiging av desse tilskota frå størrelse på kommunen til meir å ta omsyn til reelle distriktsutfordringar. I eit slikt system er det viktig med tillit til den statistiske modellen som bereknar dei reelle distriktsutfordringane. Det er og rett at det skjer ei dreiging i retninga av at tilskotet vert gjeve meir basert på innbyggjartal enn ein fast sum per kommune.
- Veksttilskotet bør inngå som del av inndelingstilskotet ved kommunesamanslåingar, da vekstutfordringane til dei aktuelle kommunane ikkje fell vekk ved samanslåingar. Det kan eventuelt vurderast ei raskare nedtrapping enn 15+5 år slik det elles er for inndelings-tilskotet.

### **Skatteelementa:**

- Meland kommune er einig i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar. Dette set vilkåret om likeverdige tenester til innbyggjarane på prøve. Då er det viktig å oppretthalda minimum den skatteutjamninga vi har i dag.»

### **Kommunestyret - 07/2016**

#### **KS - behandling:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

#### **Framlegg til endringar i rådmannen sitt framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv, AP:**

##### "Kostnadsnøklar (tillegg)

Vi ber departementet motverke uheldige, utilsikta endringar mellom distrikta, t.d. vil kommunane i fylka langs kysten samla sett komme svært dårleg ut samanlikna med kommunar i det sentrale austlandsområdet.

Siste setning under punktet Regionalpolitiske tilskottas vekk.

##### Nytt strukturkriterium (tillegg)

Meland kommune ber Departementet finna løysingar som hindrar at kommunane i Hordaland under eitt taper til kommunane i Oslofjordområdet.

Vi ber Departementet om å sikra at t.d. ein ny kommune bygd på Lindås, Meland og Radøy (pluss ev. fleire) kjem positivt ut etter 20 år.

Vi finn det urimeleg at ein ny kommune som vert danna på grunnlag av kommunereforma kjem økonomisk dårleg ut etter 20 år, samanlikna med t.d. Bergen, som utan å gjera ei einaste grensejustering, tener over kr. 80 mill. årleg frå dag 1. "

### **Framlegg til nytt punkt frå Per Kristian Holmetun, SP:**

#### **07/2016 Generelt**

"Inntektsystemet skal sikre en inntektsfordeling mellom kommune som skal gi likeverdig grunnlag for å utvikle tjenestetilbudet til innbyggerne. Tidligere har partiene ment at inntektssystemet ikke skal være et element i kommunereformen. Dette fravikes i regjeringens høringsnotat om nytt inntektssystem. Vi mener dette er uheldig."

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå rådmannen - Innledning + punkt kostnadsnøklar vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggssetning - Kostnadsnøklar frå Øyvind H. Oddekalv vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå rådmannen - Nytt strukturkriterium fekk 23 røyster for, (AP, H, FrP, KrF, V, MDG, BF), 3 røyster mot, (SP), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til tillegg - Nytt strukturkriterium frå Øyvind Oddekalv vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til endring - Regionalpolitiske tilskot frå Øyvind Oddekalv vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til nytt punkt frå Per Kristian Holmetun fekk 18 røyster for, (SP, AP, FrP, V, MDG, BF), 8 røyster mot, (H, KrF), og er såleis vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner følgjande høringsuttale:

Det vert vist til høringsbrev frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet med forslag til nytt inntektssystem for kommunane.

Meland kommune meiner at inntektssystemet for kommunane i hovudsak er eit fornuftig og rettvist system for å fordela inntektene til kommunane. Inntektssystemet skal byggja på tre grunnleggjande prinsipp om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulempar, ikkje vera eit refusjonssystem og ikkje vera eit insentivsystem.

På følgjande punkt har Meland kommune merknader til forslag til nytt inntektssystem:

#### **Kostnadsnøklar**

- Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdatert. Kostnadsnøklane bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokon effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.
- Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. Graden av vekst varierer mellom kommunane. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige

kostnadsulemper må departementet prioritera å identifisera statistisk utsagnskraftige forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøkklane.

- Ein vesentleg del av mottakarane av ressurskrevjande tenester er psykisk utviklingshemma, og enkeltkommunar kan ha særskilte høge utgifter knytt til personar med psykisk utviklingshemming. I departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg er dette kriteriet vektta betydeleg ned. For å oppretthalda prinsippet om full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper er det viktig at budsjetta for toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester vert styrka slik at tenestetilbodet ikkje vert redusert.
- Vi ber departementet motverke uheldige, utilsikta endringar mellom distrikta, t.d. vil kommunane i fylka langs kysten samla sett komme svært dårleg ut samanlikna med kommunar i det sentrale austlandsområdet.

### **Nytt strukturkriterium**

- I inntektssystemet bør det vere noko større stimulering til å gjennomføre ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og Meland kommune støtter difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.
- Departementet bør arbeide vidare med å operasjonalisere strukturkriteriet for å unngå at kommunar mellom 10 000 og 20000 innbyggjarar i så stor grad som foreslått får nedgang i tilskot. Ein måte å gjere dette på kan vere å følgje opp KS sin alternative modell om at basiskriteriet bare vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ei glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået). Graderingen av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ vil alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar komme ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar, medan kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar vil komme noko dårlegare ut enn i framlegget frå departementet.
- Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtte opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik
- Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføre denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.
- Meland kommune ber Departementet finna løysingar som hindrar at kommunane i Hordaland under eitt taper til kommunane i Oslofjordområdet. Vi ber Departementet om å sikra at t.d. ein ny kommune bygd på Lindås, Meland og Radøy (pluss ev. fleire) kjem positivt ut etter 20 år.

Vi finn det urimeleg at ein ny kommune som vert danna på grunnlag av kommunereforma kjem økonomisk dårleg ut etter 20 år, samanlikna med t.d. Bergen, som utan å gjera ei einaste grensejustering, tener over kr. 80 mill. årleg frå dag 1.

### **Regionalpolitiske tilskot**

- Meland kommune støtter framlegget om ei forsiktig dreining av desse tilskota frå størrelse på kommunen til meir å ta omsyn til reelle distriktsutfordringar. I eit slikt system er det viktig med tillit til den statistiske modellen som bereknar dei reelle distriktsutfordringane. Det er og rett at det skjer ei dreining i retninga av at tilskotet vert gjeve meir basert på innbyggjartal enn ein fast sum per kommune.
- Veksttilskotet bør inngå som del av inndelingstilskotet ved kommunesamanslåingar, da vekstutfordringane til dei aktuelle kommunane ikkje fell vekk ved samanslåingar.

### **Skatteelementa:**

- Meland kommune er einig i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom kommunar. Dette set vilkåret om likeverdige tenester til innbyggjarane på prøve.  
Då er det viktig å oppretthalda minimum den skatteutjamninga vi har i dag.

### **Generelt**

Inntektsystemet skal sikre en inntektsfordeling mellom kommune som skal gi likeverdig grunnlag for å utvikle tjenestetilbudet til innbyggerne. Tidligere har partiene ment at inntektssystemet ikke skal være et element i kommunereformen. Dette fravikes i regjeringens høringsnotat om nytt inntektssystem. Vi mener dette er uheldig."



# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Ingvild Hjelmtveit   | FA - N64, TI - &29 | 15/2940           |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 08/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Digital feilmelding

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret fatta slikt vedtak i sak 126/2015:

«Administrasjonen kontaktar IKT Nordhordland for å få starta opp ei feilmeldingsteneste for innbyggjarane i kommunen. Tenesta skal setjast opp av IKT Nordhordland, og skal setjast opp så snart det er tenleg.

Feilmeldingstenesta skal vere tilgjengeleg frå kommunen si heimeside, marknadsførast til innbyggjarane gjennom vanlege kommunale kunngjeringar og gjennom andre tenlege kanalar. Kommunestyret skal orienterast når tenesta er tilgjengeleg for innbyggjarane.

Kommunestyret ber administrasjonen om å utreda kostandene ved dette, samt å finne inndekning. Kommunestyret vil ha saka opp igjen på neste møte.»

#### Vurdering

Rådmannen har bedt om ei vurdering av moglege løysingar, tidsperspektiv og kostnad frå IKT NH. Vi har fått fylgjande svar per e-post 28.01.2016:

«I forhold til spm ditt vedrørende et meldingssystem hvor innbyggerne kan melde inn saker/hendelser som skjer i sitt nabolag, så har vi sett på en rekke forskjellige løsninger.

Ansvar for utredning og valg av løsning ligger hos strategigruppen.

Differansen på løsningene er ikke store og de fleste leveres med integrasjon mot kommunale fagapplikasjoner (f.eks. kartløsninger og saksløsninger). Dvs. at løsningene som har blitt evaluerte ikke er leverandør-avhengig, men mer organisasjonsutviklings-avhengig.

Avinet AS leverer en løsning som er integrert i Nordhordlandskartet, men endelig løsning er ikke på plass per d.d., men vil kanskje være på plass når kommunene er klare for implementasjon.

FixMyStreet(GataMi) leverer en tjeneste som også kan integreres mot kartløsninger gjennom Geokoder.

Uavhengig av leverandør så er målsetningen å etablere et verktøy for å rapportere om ting som er feil med infrastrukturen i det offentlige rom, det være seg ødelagt, skadet, dumpet eller trenger å bli reparert, rengjort eller ryddet. Dette kan for eksempel være:

- Forlatte kjøretøy
- Gatelys som ikke virker
- Plakater eller graffiti
- Sjøppel
- Behov for rengjøring
- Behov for brøyting
- Glatt vei eller gangsti

Samtidig som det er integrert mot fagapplikasjonene.

Strategigruppen jobber nå på flere områder når det gjelder denne type løsninger

- ❓ Valg av leverandør.
- ❓ Hvordan integrere en slik løsning inn mot kommunale fagapplikasjoner.
- ❓ Hvordan integrere løsningen inn mot kommunenes publiseringsplattform.
- ❓ Etablere prosesser på håndtering av innkomne saker/hendelser.
- ❓ Tilpasses den ordinære saksflyten i kommunene.
- ❓ Etc

Dersom jeg skal prøve å spå så vil jeg tro at vi skal få på plass en slik løsning senest høsten 2016. Om vi klarer det tidligere er avhengig av prioriteringen som blir gjort på de neste møtene. Det har sammenheng med det som ble diskutert på forrige strategisamling.

Litt avhengig av valg av løsning så vil jeg anbefale at det blir satt av et sted mellom 60'-100' for en slik løsning i Meland kommune. Prisen er avhengig av antall dager opplæring, integrasjoner og støttefunksjoner internt i kommunen.»

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Rådmann er samd i at vi bør få på plass gode publikumsløysingar på nett. Til no har ikkje dette vore særleg høgt prioritert, og det er noko vi må ha større fokus på framover.

Ut frå tilbakemeldinga frå IKT NH er dette noko som vert jobba med, men løysinga er ikkje på plass per i dag. Som de ser er det heller ikkje klart kva det vil koste å få på plass ei slik teneste i 2016.

Vi har ikkje teke høgd for ein slik ekstra kostnad på budsjettet for 2016. Alt som er sett av til IKT og nye løysingar er disponert. Rådmann har ikkje noko buffer med udisponerte midlar til å dekkje inn ei slik meirutgift. Rådmann vil difor rå til at dette vert vurdert i samband med budsjettet for 2017.

**Framlegg til vedtak:**

«Meland kommunestyre er oppteken av å få til gode og brukarvenlege løysingar for innbyggjarane på nett. Ei digital feilmeldingsteneste må prioriterast høgt. Tenesta må integrerast i kommunen sine fagssystem, slik at meldingane vert handtert på ein rask og effektiv måte. Tenesta skal etablerast så snart det er praktisk mogeleg. Dette inneber at finansieringa må sikrast anten ved revisjon av budsjettet for 2016 eller i budsjettet for 2017.»

**Kommunestyret - 08/2016**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

«Meland kommunestyre er oppteken av å få til gode og brukarvenlege løysingar for innbyggjarane på nett. Ei digital feilmeldingsteneste må prioriterast høgt. Tenesta må integrerast i kommunen sine fagssystem, slik at meldingane vert handtert på ein rask og effektiv måte. Tenesta skal etablerast så snart det er praktisk mogeleg. Dette inneber at finansieringa må sikrast anten ved revisjon av budsjettet for 2016 eller i budsjettet for 2017.»

# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Kari Anne Iversen    | FE - 033, FA - D13 | 16/219            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 09/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Oppnemning av kommunal representant i kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug

### Vedlegg:

Møtebok FR-saker 14.01.16

Mandat for kyrkjeutval for ny kyrkje på Frekhaug - revidert jan 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen har per 15.01.16 mottatt møtebok frå Meland sokneråd – fellessaker. Under sak 004-16 har soknerådet handsama utnemning av medlemmer til kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug, i tillegg til revidert mandat for utvalet. Etter punkt 1 i mandatet skal ein av representantane vere vald av kommunestyret.

### Vurdering

Etter mandatet er funksjonsperioden for medlemmene i utvalet 2 år. Representanten for soknerådet er vald for 4 år. Administrasjonen finn det naturleg at også den kommunale representanten vert vald for 4 år.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at .....vert vald som kommunen sin representant i kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug. Funksjonstida følgjer kommunestyreperioden.»

### Kommunestyret - 09/2016

### KS - behandling:

Framlegg frå Anne Grete Eide, AP til kommunal representant: Silje Ingelin Sæterstøl

Framlegg frå Stian Lavik, KrF til kommunal representant: Marit Jøssang

Framlegg frå Sølvi Knudsen, SP til kommunal representant: Øyvind Bratshaug

Det vart kravd skriftleg avrøysting.

Fredrik Seliussen og Tom Inge Karslen vart oppnemnd som teljekorps.

Det vart gjeve 26 røystesetlar som gav slikt resultat:

|                         |            |
|-------------------------|------------|
| Silje Ingelin Sæterstøl | 22 røyster |
| Øyvind Bratshaug        | 20 røyster |
| Marit Jøssang           | 10 røyster |

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Silje Ingelin Sæterstøl vert vald som kommunen sin representant i kyrkjeutvalet for ny kyrkje på Frekhaug. Øyvind Bratshaug vert vald som vararepresentant. Funksjonstida følgjer kommunestyreperioden.»

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Kari Anne Iversen    | FE - 231     | 16/216            |

|               |               |             |             |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b> | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 10/2016       | Kommunestyret | PS          | 10.02.2016  |

## Regulering av satsane for festeavgift på kyrkjegarden

### Vedlegg:

Sak 001-16 i Meland sokneråd

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har mottatt skriv frå soknerådet (fellesrådssak), der det er gjort greie for framlegg til nye satsar for festeavgift på kyrkjegarden. Endeleg vedtak skal gjerast i kommunestyret, jf gravferdslova § 21. Satsane vart sist regulerte gjennom kommunestyrevedtak 18.02.15. Satsane (etter frigravsperioden på 20 år) har då vore slik i 2015:

- Feste av grav per år (inntil 60 år) kr 300 per år
- Feste av grav per år (over 60 år) kr 600 per år
- Feste av særskilt grav (reservasjon for dobbeltgrav – 20 år) kr 4000

Når soknerådet no ønskjer ein auke i festeavgifta også i år, er det med grunnlag i fleire tilhøve. Det eine behovet som vert peikt på gjeld kapasitet til dei administrative oppgåvene ved kyrkjegardsdrifta. Gjennom tenesteytingsavtalen med kommunen er omfanget av dette arbeidet sett til 40% stilling, men det har vore vanskeleg for soknerådet å finne rom for utviding av stillingsressursen innanfor tilskotmidlane frå kommunen.

Det vil også vere naturleg å samanlikne satsane med andre kommunar. Nordhordlandsregionen ligg generelt noko lågare enn omegnskommunane til Bergen. Felles for sistnemnde gruppe er at dei opplever eit press på gravferdsareal, noko som også gjeld for Meland kommune. Festeavgifta kan difor i nokon grad nyttast som ein regulator når det gjeld å minske presset på gravareal. Soknerådet peiker i skrivet sitt at høgare avgift sjølvstakt kan opplevast negativt for festarar som ikkje står så sterkt økonomisk, og at nokre då vil velje å sei frå seg gravfeste ut over frigravsperioden på 20 år.

I framlegget frå soknerådet vert det skilt mellom kistegrav og urnegrav. Dette framlegget er gjort med utgangspunkt i arealbruk, - med det argumentet at lågare festeavgift for urnegrav kan gjere at fleire vil velje dette alternativet. Når det gjeld reservasjon av grava ved sida av i ei dobbeltgrav er det soknerådet sitt framlegg å ha same avgift for dette som for festet elles. Dette vert kalla festeavgift, men vert av administrative årsaker fakturert for 20 år ved gravleggingstidspunktet. Meland har elles hatt dobbel festeavgift for graver over 60 år, og det vert tilrådd at ein held på dette prinsippet. Det er svært få som ønskjer å halde på gravene meir enn 60 år, og dei få det gjeld har ofte ikkje hatt

innvendingar mot kostnaden ved dette.

Soknerådet meiner vidare at festeavgiftene bør auke gradvis kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen som det er naturleg å samanlikne seg med.

### **Vurdering**

Administrasjonen meiner at bakgrunnen for ein viss prisauke har ei fornuftig grunngjeving. Det er heilt vanleg prinsipp at avgifter vert regulert i tråd med pris- og lønsauke, og også samanlikning med kostnadsnivået i andre kommunar vil også vere naturleg. Press på gravferdsareal har så langt kan hende vore eit urbant fenomen, men i ein bynær vekstkommune som Meland vil truleg dette aspektet bli eit faktor som både soknerådet og kommunestyret må ta med seg i vurderingane sine.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske sidene ved saka i skrivet frå soknerådet og i saksframstillinga.

### **Konklusjon**

Administrasjonen vil tilrå at kommunestyret vedtar dei satsane som ligg i soknerådet sitt framlegg, og har heller ingen merknader til at festeavgiftene har ein gradviss auke kvart år.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek nye festeavgifter frå januar 2016:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 350
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av graver eldre enn 60 år per år: Kr 700
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: Kr 7 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg frå 2016
6. Festeavgiftene bør gradvis aukast kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.»

### **Kommunestyret - 10/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret vedtek nye festeavgifter frå januar 2016:

1. Feste av kistegrav per år: Kr 350
2. Feste av urnegrav per år: Kr 300
3. Feste av graver eldre enn 60 år per år: Kr 700
4. Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: Kr 7 000
5. Festeavgift vert fakturert årleg frå 2016
6. Festeavgiftene bør gradvis aukast kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.»

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Bente Bing Kleiva    | FA - D11     | 15/2318           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 14/2016       | Utval for levekår | PS          | 19.01.2016  |
| 11/2016       | Kommunestyret     | PS          | 10.02.2016  |

## Søknad om forlenging av disposisjonsrett av bana ved Vestbygd skule

### Vedlegg:

Søknad om forlengelse av dispensasjon  
Sakspapir - vedtak sak 50/2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nordre Holsnøy Idrettslag (NHIL) sende ein søknad om disposisjonsrett av grusbana ved Vestbygd skule i august 2015. Saka vart behandla på møte i ULK 8.9.2015 med posistvt vedtak om disposisjonsrett i tju år. På dette tidspunktet var NHIL innstilt på at det ikkje var mogeleg å søke spelemidlar sidan bana ikkje ville tilfredsstillte krava for banestorleik. Etter nærare oppmåling er det no slik at bana er ca ein halv meter for lita på alle sider for å tilfredsstillte måla for banestorleik. Sidan den tid har Tenesteområde kultur vore i kontakt med Idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, dei har opna for at det kan søkjast om dispensasjon frå kravet. Når NHIL skal søkje om spelemidlar er kravet at disposisjonsretten må vere på minst 30 år, di for søkjer dei no om utviding av disposisjonsretten.

#### Vurdering

I vurderinga i sak 50/2015 legg administrasjonen til grunn både den positive effekten oppgradering av bana ved Vestbygd skule vil ha for skulen, nærmiljøet og idretten i denne delen av Meland kommune. For NHIL vil støtte i form av spelemidlar vere av stor betydning og for Meland kommune vil dette føre til at bana vert registrert i idrettsanleggsregisteret noko som styrkjer tilbod av idrettsanlegg i kommunen.

Folkehelse: positivt tiltak for elevar og nærmiljø

Miljø: ingen negative faktorar

Økonomi: ikkje vurdert i saka



**Konklusjon**

Nordre Holsnøy Idrettslag bør få utvide disposisjonsretten til 30 år.

**Framlegg til vedtak:**

«Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldende avtale.»

**Utval for levekår - 14/2016****ULK - behandling:****ULK - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldende avtale.»

**Kommunestyret - 11/2016****KS - behandling:**

Anne Grete Eide, AP bad kommunestyre vurdere sin habilitet ved handsaming av sak 11 og 12, grunna at ho er styremedlem i idrettslaget NHIL.

Anne Grete Eide gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet.

**Avrøysting:**

**Anne Grete Eide vart samrøystes erklært habil.**

Deretter tok Anne Grete Eide sete.

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Nordre Holsnøy Idrettslag får utvide disposisjonsretten til 30 år av gjeldende avtale.»

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Eirik Bouwer Utne    | FE - 113     | 15/2765           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 15/2016       | Utval for levekår | PS          | 19.01.2016  |
| 12/2016       | Kommunestyret     | PS          | 10.02.2016  |

## Justering av handlingsdel med bakgrunn i bygging av ny kunstgrasbane ved Vestbygd skule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I etterkant av revidering for 2015 av handlingsdel til Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, KS-99/2015, har Nordre Holsnøy IL fått klar finansiering av ny kunstgrasbane ved Vestbygd skule.

Laget ønskjer å gå i gang med bygginga våren 2016, grunna ledig kapasitet hos entrepenør og at tidsperioden er godt egna for dugnadsarbeid. For å kvalifisere for spelemidlar treng laget idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Ei slik godkjenning vert gitt administrativt, men krev at prosjektet er forankra i kommunalt planverk. Den årlege revideringa av handlingsdelen til idrettsplanen må i tilfelle verte justert.

#### Vurdering

Utbygging av kunstgrasbane ved Vestbygd skule er festa som behov, og ikkje som konkret tiltak, i idrettsplanen etter innspel ved planarbeidet i 2013. Som nemnd fekk NHIL finansiering på ei avlastingsbane i området før årsskiftet 2015/16. Bana skal vere ei oppgradering av eksisterande ballbane ved skulen, og vil vere eit positivt tilskot både for nærområdet og skulen.

Bana skal byggjast med speleflate 30x50m og har ein stipulert kostnad på kr 1 544 000. Dette skal finansierast ved spelemidlar kr 515 000, dugnad kr 144 000 og gåver og tilskot kr 885 000. NHIL har avtale med Meland kommune om bruk av grunn, og bana er fullfinansiert. Laget har mellomfinansiering på spelemiddeldelen. Tiltaket er vurdert som ikkje søknadspliktig.

Meland idrettsråd uttalar den 15.1.2016 at *...oppstart nå i vår er en bonus for oss alle og er positive til å få inn prosjektet i handlingsdelen.*

Justering av revidert handlingsdel, ordinære idrettsanlegg, for Temaplan idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 vert lagd fram:

|                    | Prioritet | Anlegg                             | Stad                  | Kommentar                    | År          |
|--------------------|-----------|------------------------------------|-----------------------|------------------------------|-------------|
| <b>Idrett</b>      | 1         | Kunstgrasbane III med halloverbygg | Fossemyra idrettspark | <b>Under planlegging</b>     | 2017        |
|                    | 2         | Løpebane                           | Fossemyra idrettspark | Nybygg                       | 2017        |
|                    | 2         | Sandvolleyballbane                 | Fossemyra             | Nybygg                       | 2017        |
|                    | 2         | Sykkelrampe                        | Fossemyra             | Nybygg                       | 2017        |
|                    | 2         | Tennisbanar                        | Fossemyra             | Nybygg                       | 2017        |
|                    | <u>3</u>  | <u>Kunstgrasbane</u>               | <u>Vestbygd skule</u> | <u>Nybygg/rehabilitering</u> | <u>2016</u> |
|                    | 4         | Sjøsportanlegg                     | Flatøy                | <b>Midtmarka planarb.</b>    | 2016-       |
|                    | 5         | Rideveg                            | Kårbø                 | Nybygg/rehabilitering        | 2017        |
|                    | 6         | Skytebane                          | Espetveit             | Utviding                     | 2016-       |
|                    |           | Motocrossbane C                    | Rosslund              | <b>Under utbygging</b>       | 2016        |
|                    |           | Avlastningshall                    | Grasdalen             | Nybygg                       | 2018        |
|                    |           | Fleirbrukshall                     | Meland Aktiv          | Nybygg/utviding              | 2019-       |
| <b>Friluftsliv</b> | 1         | Lyssett turløype                   | Frekhaug              | Nybygg/rehabilitering        | 2017        |
|                    | 2         | Lyssett turløype                   | Rosslund              | Nybygg/rehabilitering        | 2018        |
|                    | 3         | Kyststi universelt utforma         | Badevika - Dalstø     | Nybygg                       | 2018-       |
|                    |           | Terrengsykkelanlegg                |                       | Nybygg/rehabilitering        | 2018        |

**Folkehelse**

Tiltaket vil vere svært positivt for folkehelsa, spesielt for barn og unge.

**Miljø**

Ikkje vurdert i saka.

**Økonomi**

Tiltaket vil resultere i utgifter som vil kunne auke behovet for driftstilskot.

**Konklusjon**

Justering av den årlege revideringa av handlingsdelen til Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner justeringa slik den ligg føre i revideringa, med kunstgrasbane ved Vestbygd skule inn på lista over nye ordinære idrettsanlegg, med prioritering 3.

**Utval for levekår - 15/2016****ULK - behandling:**

Saka vart delt ut i møte.

**ULK - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner justeringa slik den ligg føre i revideringa, med kunstgrasbane ved Vestbygd skule inn på lista over nye ordinære idrettsanlegg, med prioritering 3.»

**Kommunestyret - 12/2016****KS - behandling:****KS - vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner justeringa slik den ligg føre i revideringa, med kunstgrasbane ved Vestbygd skule inn på lista over nye ordinære idrettsanlegg, med prioritering 3."

# Sakspapir

| Saksbehandlar     | Arkiv    | ArkivsakID |
|-------------------|----------|------------|
| Kari Anne Iversen | FE - 033 | 16/116     |

| Saksnr  | Utvalg        | Type | Dato       |
|---------|---------------|------|------------|
| 13/2016 | Kommunestyret | PS   | 10.02.2016 |

## Mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### Vedlegg:

Mandat for råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Forslag til mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente utkast til mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyre skal jf. Lov om Råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 6 godkjenne mandatet.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner utkast til mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slik det ligg føre jf. Lov om Råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 6.»

### Kommunestyret - 13/2016

### KS - behandling:

### KS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner utkast til mandat for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slik det ligg føre jf. Lov om Råd for menneske med nedsett funksjonsevne § 6.»

# Sakspapir

| Saksbehandlar  | Arkiv                        | ArkivsakID |
|----------------|------------------------------|------------|
| Kristin Nåmdal | FA - U01, TI - &30, TI - &13 | 15/2052    |

| Saksnr  | Utvalg        | Type | Dato       |
|---------|---------------|------|------------|
| 10/2016 | Formannskapet | PS   | 20.01.2016 |
| 14/2016 | Kommunestyret | PS   | 10.02.2016 |

## Høyring - Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland

### Vedlegg:

Høyring - Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland  
Høyringsbrev interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland  
Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland Strategidok  
Fakta grunnlag til Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Nordhordland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Regionrådet i Nordhordland gjorde 25.01.13. vedtak om å starte opp arbeidet med ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland.

Føremålet med nærings- og samfunnsplanen er å førebu Region Nordhordland på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringsliv. Nærings- og samfunnsplanen er ein plan for kommunane i Nordhordland og for Nordhordland utviklingselskap (NUI). Mål, strategiar og handlingspunkt skal leggjast til grunn for kommunane sitt arbeid med å leggje tilrette for næringsutvikling.

#### Organisering og planprosess

Planarbeidet har vore breitt forankra. Regionrådet i Nordhordland har styrt planprosessen med arbeidsgruppe og styringsgruppe. Det har i prosessen vore samlingar og arbeidsmøter med representantar frå både administrasjon og politikk i regionen. Planen har og vore på ein administrativ høyring.

#### Vurdering

#### Hovudmål for planarbeidet

Nordhordland skal vere ein region der kommunane legg til rette for eit sterkt næringsliv og attraktive bumiljø.

Planen er godt strukturert og har mange gode mål, fokusområder og delmål.

### Fokusområde

Næringsliv

Innovasjon og grunderskap

Bumiljø og tettstadutvikling

Infrastruktur

Omdømme

### Næringsliv

Mange hevdar vi står overfor ein ny industriell revolusjon – der digitalisering og automatisering treff nye sektorar, næringar og arbeidsområde. Vi står slik overfor store og fundamentale endringar i arbeidslivet. I åra framover kjem vi til å samhandle med teknologien på nye måtar. Vår region er i vekst. Det er samstundes nedgang i oljerelatert næring i Norge, ei næring som har skapt sentrale arbeidsplassar i Nordhordland. Vi treng at fagfolka me har blir værande i regionen, difor er det avgjerande å ta vare på kjernekompetansen.

I samheng med dei store omstillingane som kjem i norsk arbeidsliv i tida framover, burde planen hatt ein enda sterkare fokus på endring/ omstilling, og det å leggje til rette for mangfald og innovasjon i næringslivet.

Nordhordland er ein felles bu og arbeidsmarknadsregion og kommunegrensar er uinteressant når næringslivet skal etablere seg. Då er det infrastruktur og tilgjengelig areal og arbeidskraft som er dei viktigaste faktorane. Difor er det bra at det i planen vert sett fokus på å utarbeide ein felles oversikt over næringsareal. Planen har og ein strategi om å leggje til rette for kunnskapsintensive og arealkrevjande næring. Her bør det og knyttast strategiar til kva type næring ein ynskjer, og ser for seg vil etablere seg i regionen.

### Innovasjon og grunderskap

Den teknologiske utviklinga er global, og stiller store krav til kompetanse. Vår region har som det i planen er peika på, gode høve til å skape eit innovativt miljø, knytt opp mot Bergen som drivkraft. Under dette punktet kunne teknologi, produktutvikling og innovasjonskompetanse vore forsterka og konkretisert meir.

### Bumiljø og tettstadutvikling

Vi har i dag stor grad av utpendling, noko som ikkje er ynskjeleg verken med omsyn til regionkjensle eller i eit klimaperspektiv. Det er difor viktig at planen også har eit stort fokus på gode bumiljø og tettstadsutvikling.

## 4. Infrastruktur

Nordhordlandsbrua la grunnlag for den store veksten vi opplever i regionen. Næringslivet er avhengig

av eit godt vegnett. Her har planen mange gode tiltak. Det kunne også her vore halde fram at ein må styrke det interkommunale og tverrpolitiske arbeidet for å få realisert vegprosjekt i regionen. Veksten i folketalet skal ikkje generere meir biltrafikk, såleis må kollektivtilbodet betrast. Infrastrukturen for gåande og syklande må betrast i kommunen, og ikkje minst mellom kommunane. Ein samanhengande gang og sykkelstrategi mellom dei største kommunesentra og langs aksen Frekhaug – Flatøy- Alversund bør prioriterast.

#### 5. Omdømme

Målet er at Nordhordland skal vere kjent for at det er godt å bu, arbeide og drive verksemd i regionen. Det er sett opp gode ulike strategiar for å nå målet. Også her må vi understreke kor viktig det er at omdømmearbeidet som og må knytast opp mot innovasjon, vert løfta fram som ei regional satsing, der privat og offentleg sektor samarbeider.

#### **Konklusjon**

Nærings- og samfunnsplanen legg eit fundament for korleis Nordhordlandsregionen skal framstå. Den skal vere ei felles overbygging for utviklingsarbeid. Det er kommunane som er ansvarlege for gjennomføring av ein stor del av tiltaka. I planen vert det framheva at regiontanken er ein føresetnad for å nå måla. Dette bør Meland kommune understreke. Ansvar for å gjennomføre og ikkje minst koordinere dei ulike prosjekta må forankrast administrativt og politisk, skal ein få til å framstå som ein heilskapleg region med eit attraktivt næringsliv.

Administrasjonen meiner at det er laga ein god plan som kommunen kan støtte fullt ut. Nokre punkt bør likevel forsterkast:

Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.

Korleis skal vi i Nordhordland møte endringar i arbeidsmarknaden og arbeide med omstilling og innovasjon.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre punkt vert forsterka:

Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.

Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.»

#### **Formannskapet - 10/2016**

#### **FS - behandling:**



**FS - vedtak:**

«Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre punkt vert forsterka:

Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.

Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.»

**Kommunestyret - 14/2016****KS - behandling:****Tilleggsframlegg frå Mabel Johansen, H:**

"Omtale og strategiar knytt opp til korleis vi i Nordhordland skal forberede oss på å delta aktivt i utvikling av havbruksnæringen."

**Framlegg til tilleggstekst siste avsnitt i rådmannen sitt framlegg til vedtak frå Leif Johnsen:**

"Berekraftig utvikling må vere førande både for tettstad, samfunns- og næringsutvikling."

**Oversendingsframlegg frå Asbjørn Larsen, AP:**

"Vi foreslår at administrasjonen startar snarast på dette med å tilrettelegge næringsområde tilknytt havbruksområde til sjø."

**Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til nytt punkt frå Mabel Johansen vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Leif Johnsen vart samrøystes vedteke.**

**KS - vedtak:**

"Kommunestyret gjev si støtte til den interkommunale nærings – og samfunnsplanen for region Nordhordland og ber om at nokre punkt vert forsterka:

Det regionale perspektivet i arbeidet med næringsutvikling, omdømmebygging og planlegging.

Strategiar knytt opp mot korleis vi i Nordhordland skal møte endringar i arbeidsmarknaden, med eit forsterka fokus på arbeidet med omstilling og innovasjon.

Berekraftig utvikling må vere førande både for tettstad, samfunns- og næringsutvikling.

Omtale og strategiar knytt opp til korleis vi i Nordhordland skal forberede oss på å delta aktivt i utvikling av havbruksnæringen."

